TILBODET FRÅ DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA TIL DEI PRIORITERTE GRUPPENE, OVERSYN OVER BEMANNINGSSITUASJONEN OG OPPSUMMERING AV RAPPORTERINGA FRÅ HELSETILSYNET I FYLKA

# Ulike fylke, ulike tannhelsetenestetilbod?

HELSETILSYNET
tilsyn med sosial og helse





RAPPORT FRA HELSETILSYNET 8/2005

NOVEMBER 2005

Rapport fra Helsetilsynet 8/2005
Ulike fylke, ulike tannhelsetenestetilbod?
Tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene, oversyn over bemanningssituasjonen og oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka

November 2005

ISSN: 1503-4798 (elektronisk utgave)

Denne publikasjonen finnes elektronisk på Helsetilsynets nettsted
www.helsetilsynet.no

Design: Gazette
Trykk og elektronisk versjon: Lobo Media AS

Statens helsetilsyn
Postboks 8128 Dep, NO-0032 OSLO, Norway
Telefon: 21 52 99 00
Faks: 21 52 99 99
E-post: postmottak@helsetilsynet.no

# Innhald

**Forord** ..... **5**

**1 Innleiing** ..... **6**
1.1 Ulike fylke, ulike tannhelsetenestetilbod? ..... 6
1.2 Kva er forklaringane? ..... 6
1.3 Områdeovervaking – tannhelsetenesta ..... 6

**2 Bakgrunn** ..... **8**

**3 Definisjonar og omgrep** ..... **10**
3.1 Tannhelsetenestelova ..... 10
3.2 Bruk av omgrep i rapporten ..... 10

**4 Oppbygging av rapporten** ..... **11**

**5 Rapportering frå Helsetilsynet i fylka** ..... **12**
5.1 Rapportering ..... 12
5.2 Rapportering om tilbod til dei prioriterte gruppene ..... 12
5.3 Rapportering om bemanningssituasjonen ..... 13
5.4 Rapportering om andre forhold ..... 13

**6 Utvikling av omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene og den vaksne befolkninga elles** ..... **14**
6.1 Situasjonen i 2004 ..... 14
6.2 Utviklinga frå 2003 til 2004 ..... 17
6.3 Personar som ikkje tek imot tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta ..... 18
6.4 Tilbod til den vaksne befolkninga elles ..... 18

**7 Bemanningssituasjonen i tannhelsetenesta** ..... **21**

**8 Vurderingar i Statens helsetilsyn** ..... **23**
8.1 Hovudresultat ..... 23
8.2 Rapportering frå Helsetilsynet i fylka ..... 23
8.3 Konklusjonar ..... 24

**Vedlegg 1**
Oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka til Statens helsetilsyn om tannhelsetenesta ..... 26

**Vedlegg 2**
Fylkesprofilar ..... 30

**Čoahkkáigeassu** ..... **63**

**English summary: Does Provision of Dental Services Vary in Different Counties?** ..... **64**

# Tabeller

**Tabell 1** Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Tal på personar i gruppene, tal på personer under tilsyn og tal på personar undersøkte/behandla 2001-2004. ..... 14

**Tabell 2** Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Dei prioriterte gruppene og vaksne betalande. Del under tilsyn 2003 og 2004. ..... 16

**Tabell 3** Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Fylkesvis variasjon når det gjeld delen av personar under tilsyn 2003–2004. ..... 18

**Tabell 4** Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Delen av den vaksne befolkninga elles under tilsyn 2001–2004. ..... 19

**Tabell 5** Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Delen av vaksne under tilsyn av alle under tilsyn 2004. ..... 20

**Tabell 6** Bemanningssituasjon 2004. ..... 22

# Forord

Denne rapporten er den tredje rapporten som Statens helsetilsyn har gitt ut om tannhelsetenesta i Noreg. Rapporten fokuserer hovudsakleg på omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei gruppene som lova om tannhelsetenester krev at fylkeskommunen skal prioritere. Dei to tidlegare rapportane avdekte betydelege fylkesvise forskjellar som gav grunn til uro for at prioriterte grupper i fleire fylke ikkje fekk det tilbodet dei har krav på.

Statens helsetilsyn er godt nøgd med at rapportane har utløyst stor aktivitet i mange fylkeskommunar. Vi konstaterer vidare at denne typen tilsynsdata er brukt som grunnlagsdata i NOU 2005:11: *Det offentlige engasjement på tannhelsefeltet.*[1]

Når vi no for tredje gongen har granska tannhelsetenestetilbodet til dei prioriterte gruppene, ser vi at dei tidlegare dokumenta har hatt effekt. Ulikskapen mellom fylke er rett nok framleis stor. Somme fylkeskommunar har god kontroll på dette arbeidet, mens andre framleis har eit stort potensial for forbetring. Somme har vist stor aktivitet for å betre forholda, andre har det ikkje.

Det har frå ulikt hald vore peikt på at det er uklare signal om kva som er obligatoriske krav til den offentlege tannhelsetenesta, og Helsetilsynet har tidlegare peikt på behovet for ein revisjon av tannhelsetenestelova. NOU 2005:11 om det offentlege engasjementet på tannhelsefeltet er eit ledd i dette arbeidet, og vi kjem tilbake med synspunkt på dette i høyringsfråsegna vår.

Som tilsynsorgan har vi gong på gong peikt på vesentlege forhold som kvar enkelt fylkeskommune må gripe tak i. For oss ser det ut til at det ikkje er føremålstenleg å halde fram med denne typen påpeikingar. Verknaden av å gjere meir av det same når eit mettingspunkt. Det er ansvaret til fylkeskommunen å sjå til at krava i lova blir følgde. Vi ventar derfor at faktagrunnlaget for rapporten blir lagt til grunn for arbeidet vidare i så vel fylkeskommunane som departementet og Sosial- og helsedirektoratet.

Oslo, november 2005

Lars E. Hanssen

1) Norges offentlige utredninger. Det offentlige engasjement på tannhelsefeltet. Et godt tilbud til de som trenger det mest. NOU 2005:11. Oslo: Statens forvaltingsteneste; 2005.

# 1 Innleiing

## 1.1 Ulike fylke, ulike tannhelseteneste-tilbod?

Offentleg statistikk om tannhelsetenesta viser at det er stor forskjell mellom fylka:

- Delen av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon som er under tilsyn av den offentlege tannhelsetenesta, er 55 prosent i Aust-Agder og 99 prosent i Oppland.
- Ein offentleg tannlege eller tannpleiar i Vest-Agder har i gjennomsnitt tilsyn med om lag 1400 pasientar. Ein offentleg tannlege eller tannpleiar i Finnmark har i gjennomsnitt tilsyn med om lag 550 pasientar.
- Bemanningsnivået i tannhelsetenesta i Nord-Trøndelag, Oppland og Akershus er nesten likt[2]. Delen av den vaksne befolkninga som den offentlege tannhelsetenesta har tilsyn med, er 14,6 prosent i Nord-Trøndelag, 6,5 prosent i Oppland og 0,3 prosent i Akershus.
- Den offentlege tannhelsetenesta i Oslo hadde ingen ledige stillingar for offentlege tannlegar i 2004. Talet på personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk var om lag 2200. Den offentlege tannhelsetenesta i Nordland hadde 25 ledige stillingar for offentlege tannlegar i 2004. Talet på personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk i Nordland var om lag 900.
- Folketettleiken i Oppland og Troms er lik[3]. Netto driftsutgifter til den offentlege tannhelsetenesta per person under tilsyn er om lag kr 1000 i Oppland og om lag kr 2000 i Troms[4].

## 1.2 Kva er forklaringane?

Kva er forklaringane på desse forskjellane?

Gir statistikken eit skeivt bilete av verkelegheita på grunn av feilkjelder eller ulike tolkingar av omgrepa?

Kan geografiske, administrative, økonomiske, helsemessige, sosiale eller kulturelle forhold forklare forskjellane?

Oppfyller fylkeskommunen i kvart fylke den plikta dei har etter tannhelsetenestelova overfor alle personar i dei prioriterte gruppene, eller er tilbodet ulikt, avhengig av kvar ein bur i landet?

Desse spørsmåla ønskjer Statens helsetilsyn å greie ut om, ved hjelp av rapportering frå Helsetilsynet i fylka om lokale tannhelsetenester, og ved å bruke offentleg statistikk. Kunnskapen dannar grunnlaget for å vurdere om tilsynsorgana har behov for å følgje opp vidare.

## 1.3 Områdeovervaking – tannhelsetenesta

Som eit ledd områdeovervakinga i Statens helsetilsyn gjennomførte vi i 2003 ei utgreiing av tannhelsetenesta. Hovudmålet med arbeidet var å vurdere omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene, jamfør § 1–3 i tannhelsetenestelova. Vi ønskte å greie ut om situasjonen på landsbasis og på fylkesnivå for å belyse eventuelle fylkesvise forskjellar og identifisere faktorar som kan forklare ulikskapar i tannhelsetenestetilbodet. Vi fokuserte spesielt på om dei prioriterte gruppene fekk dei tannhelsetenestene dei har krav på etter

2) Talet på innbyggjarar per tannlegeårsverk – alle tannlegar, både offentleg og privat – er 1471 i Nord-Trøndelag, 1439 i Oppland og 1437 i Akershus.

3) Statistisk sentralbyrå. Statistisk årbok 2004. Tabell 49, Folkemengd, landareal og folketettleik, etter fylke. Oslo: Statistisk sentralbyrå; 2005. Talet på innbyggjarar per km2 er 8 i Oppland og 6 i Troms.

4) Statistisk sentralbyrå. Fylkes-KOSTRA 2004. Tannhelsetjenesten. Oslo: Statistisk sentralbyrå; 2005. http://www.ssb.no/kostra/

tannhelsetenestelova.

Resultatet blei publisert som ein rapport i mars 2004[5]. Rapporten gjorde greie for omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta for dei prioriterte gruppene, jamfør § 1–3 i tannhelsetenestelova, bemanningssituasjonen og ressursbruken, på grunnlag av statistikk for 2002 og tidlegare.

I desember 2004 publiserte vi ein ny rapport[6] med ei oppdatert framstilling av omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta for dei prioriterte gruppene, på grunnlag av statistikk for 2003.

Den rapporten som no ligg føre, presenterer både oppdatert statistikk om tannhelsetenesta for 2004 og ei oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka om tannhelsetenesta.

Statistikk i rapportane byggjer på fylkes-KOSTRA-data og befolkningsstatistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB). På grunn av nokre endringar i metoden og enkelte rettingar vik nokre av tala i tabellane av frå tidlegare publiserte tal. For ei detaljert framstilling av tannhelsetenestestatistikken viser vi til Rapport fra Helsetilsynet 5/2005[7], og til dokumentasjon til SSB fylkes-KOSTRA[8].

Hovudkonklusjonane frå dei to tidlegare rapportane er presenterte i kapitlet *Bakgrunn.*

5) Tannhelsetjenesten i Norge. Omfanget av Den offentlige tannhelsetjenesten for de prioriterte gruppene og bemanningssituasjonen i tannhelsetjenesten. Rapport fra Helsetilsynet 4/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

6) Flere ungdom og voksne under tilsyn av Den offentlige tannhelsetjenesten. Rapport fra Helsetilsynet 14/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

7) Tannhelsetjenesten i Norge. Omfanget av Den offentlige tannhelsetjenesten for de prioriterte gruppene og bemanningssituasjonen i tannhelsetjenesten, s. 45–51. Rapport fra Helsetilsynet 5/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

8) Statistisk sentralbyrå. Om statistikken. Begreper og forklaring. Oslo: Statistisk sentralbyrå; 2005. http://www.ssb.no/emner/03/02/tannhelse/

# 2 Bakgrunn

Rapporten *Tannhelsetjenesten i Norge*[9], som presenterte statistikk fram til 2002, inneheld følgjande vurderingar:

- Statistikken som er presentert i rapporten, kan ikkje gi noko eintydig svar på om Den offentlege tannhelsetenesta i kvart fylke har oppfylt lovkrava for alle dei prioriterte gruppene. Statens helsetilsyn går likevel ut ifrå at faren for at fylkeskommunen ikkje gir eit forsvarleg tilbod til dei prioriterte gruppene, er størst i dei fylka der delen som er under tilsyn, ligg under landsgjennomsnittet, og at situasjonen i desse fylka særleg bør vurderast nærare.

- Statistikken viser tydeleg at forskjellar mellom fylka når det gjeld bemanningssituasjonen, ikkje aleine kan forklare fylkesforskjellane i tannhelsetenestetilbodet til dei prioriterte gruppene. Andre faktorar, for eksempel organisatoriske faktorar og geografiske forhold, speler sannsynlegvis ei rolle.

- Tannhelsetenestetilbodet i mange fylke, til eldre, langtidssjuke og uføre generelt, og spesielt til klientar som får heimesjukepleie, gir særleg grunn til uro.

- Den offentlege tannhelsetenesta i ti fylke tilbyr tannhelsetenester til andre grupper som kan ha store behov for tannhelsetenester og avgrensa økonomisk evne til å gjere seg nytte av private tannhelsetenester. Eksempel på slike grupper er personar som sit i fengsel, folk som er lagde inn på psykiatrisk institusjon, og personar innanfor rusomsorga. Helsetilsynet meiner at det er grunn til å vurdere om enkelte av desse gruppene bør definerast som prioriterte grupper.

- Helsetilsynet er uroleg for at delen av vaksne under tilsyn ligg rundt eller over landsgjennomsnittet i ti fylke der delen under tilsyn i ei eller fleire av dei prioriterte gruppene ligg under landsgjennomsnittet. Ein slik profil er slik Helsetilsynet vurderer det, ein indikasjon på at det kan vere avvik frå krava i lova om prioritering.

Rapporten *Flere ungdom og voksne under tilsyn av Den offentlige tannhelsetjenesten*[10] var ei oppfølging av Rapport 5/2004, basert på statistikk fram til 2003. Hovudresultata som er presentert i rapporten, er som følgjer:

- I 2003 var 1,2 millionar menneske under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta. Dette tilsvarer 88 prosent av alle personar i dei prioriterte gruppene.

- 80 prosent av alle personar under tilsyn i 2003 var barn i alderen 1–18 år.

- Frå 2002 til 2003 har talet på barn under tilsyn auka med 1,0 prosent, og talet på psykisk utviklingshemma under tilsyn har auka med 1,8 prosent.

- Talet på ungdommar under tilsyn har auka med 8,8 prosent.

- I den same perioden har det vore ein liten nedgang i talet på eldre, langtidssjuke og uføre under tilsyn.

- Talet på vaksne betalande under tilsyn har auka med 10,5 prosent.

- Forskjellane mellom fylka er ikkje blitt mindre.

9) Tannhelsetjenesten i Norge. Omfanget av Den offentlige tannhelsetjenesten for de prioriterte gruppene og bemanningssituasjonen i tannhelsetjenesten. Rapport fra Helsetilsynet 5/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

10) Flere ungdom og voksne under tilsyn av Den offentlige tannhelsetjenesten. Rapport fra Helsetilsynet 14/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

Som ledd i tilsynsorganets oppfølging av dei to rapportane som er nemnde over, bad vi, i oppdragsbrevet til Helsetilsynet i fylka 2004, Helsetilsynet i fylka om følgjande:

– Helsetilsynet i fylka skal opprette kontakt med fylkestannlegen for å vurdere behovet for lokal oppfølging.

– Vi ber om at status for oppfølginga blir meld til Helsetilsynet i rapporteringa som har frist 20.01.2005. Rapporten skal innehalde ei framstilling av kva som er gjort, og ei vurdering av situasjonen i fylket.

– Helsetilsynet i fylka skal vidare omtale tannhelsetenesta i Medisinalmelding 2004 .

11) Oppdragsbrev for 2004 til Helsetilsynet i fylkene, s. 12–13. Oslo: Statens helsetilsyn; 2005.

# 3 Definisjonar og omgrep

### 3.1 Tannhelsetenestelova

Fylkeskommunen har ansvaret for tannhelsetenesta, jamfør § 1–1 i tannhelsetenestelova.

§ 1–1 i tannhelsetenestelova lyder slik:

«Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelige for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for Den offentlige tannhelsetjenesten. Den offentlige tannhelsetjenesten omfatter tannhelsetjeneste som utføres på gruppene som er nevnt i § 1–3 enten av fylkeskommunens ansatte eller av privatpraktiserende tannlege som har inngått avtale med fylkeskommunen etter § 4–1.»

§ 1–3 i tannhelsetenestelova lyder slik:

> «Den offentlige tannhelsetjenesten skal organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen. Den skal gi et regelmessig og oppsøkende tilbud til:
>
> a. barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år
>
> b. psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon
>
> c. grupper av eldre, langtidssyke og uføre
>
> d. ungdom som fyller 19 eller 20 i behandlingsåret
>
> e. andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere
>
> I tillegg til de prioritert oppgaver kan Den offentlige tannhelsetjenesten yte tjenester til voksent betalende klientell etter fylkeskommunes bestemmelser.»

### 3.2 Bruk av omgrep i rapporten

For å gjere det lettare har vi gitt dei fem prioriterte gruppene bokstavar frå a til e.

Alle dei fem prioriterte gruppene (gruppene a til e) blir kalla gruppe f.

Resten av den vaksne befolkninga (vaksne betalande) blir kalla gruppe g.

Heile befolkninga (gruppene a-e og g) blir kalla gruppe h.

Eldre, langtidssjuke og uføre i *institusjon* blir kalla gruppe c1.

Eldre, langtidssjuke og uføre i *heimesjukepleie* blir kalla gruppe c2.

Omgrepet «under tilsyn» er definert av SSB[12] på følgjande vis:

> *«Begrepet å være 'under tilsyn' i Den offentlige tannhelsetjeneste viser til de pasienter som tilhører en av de prioriterte gruppene, og er under oppfølging av Den offentlige tannhelsetjenesten. Å være 'under tilsyn' innebærer at de enten har gjennomgått tannhelseundersøkelse av tannlege eller tannpleier, fått tannbehandling, eller opplæring i forebyggende tiltak, eller fått tilbud om oppfølging. Innkallingsintervallet medfører at ikke alle personer 'under tilsyn' faktisk er undersøkt/behandlet i rapportåret.»*

12) Statistisk sentralbyrå. Om statistikken. Begreper og forklaring, s. 5. Oslo: Statistisk sentralbyrå; 2005. http://www.ssb.no/emner/03/02/tannhelse/

# 4 Oppbygging av rapporten

Rapporten er organisert på følgjande måte:

- Rapportering frå Helsetilsynet i fylka
- Utvikling av omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene og den vaksne befolkninga elles
- Bemanningssituasjonen i tannhelsetenesta
- Vurderingar i Statens helsetilsyn
- Vedlegg
    - Oppsummering av rapportering frå Hesetilsynet i fylka om tannhelsetenesta
    - Fylkesprofilar – ein presentasjon av kvart fylke
        - Rapportering frå Helsetilsynet i fylket
        - Offentleg statistikk om tannhelsetenesta i fylket:
            - Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene og den vaksne befolkninga elles
            - Bemanningssituasjonen i tannhelsetenesta
        - Kommentarar frå Statens helsetilsyn

# 5 Rapportering frå Helsetilsynet i fylka

## 5.1 Rapportering

Helsetilsynet i fylka blei bedne om å rapportere om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn med frist den 20. januar 2005. Vi fekk svar frå alle fylka, anten skriftleg eller munnleg. Brevet frå Helsetilsynet i Finnmark informerte oss om at dei ikkje har hatt kapasitet til å følgje opp tannhelsetenesta i 2004.

Helsetilsynet i fylka blei også bedne om å omtale tannhelsetenesta i medisinalmeldinga. Åtte medisinalmeldingar for 2004 inneheld rapportar om tannhelsetenesta (Østfold, Oslo og Akershus, Oppland, Telemark, Aust-Agder, Hordaland, Nord-Trøndelag og Nordland). Statens helsetilsyn hadde per 1. september 2005 ikkje fått medisinalmeldingar frå Buskerud, Vestfold og Finnmark.

Helsetilsynet i sytten av atten fylke har rapportert at dei har hatt kontakt med fylkestannlegen for å vurdere behovet for lokal oppfølging. Helsetilsynet i Finnmark har ikkje rapportert at dei har hatt kontakt med fylkestannlegen.

Ei oppsummering i tabell av det som Helsetilsynet i fylka har rapportert, er presentert i Vedlegg 1.

## 5.2 Rapportering om tilbod til dei prioriterte gruppene

- Helsetilsynet i seksten fylke har greidd ut om tilbodet til dei prioriterte gruppene.

- Helsetilsynet i åtte fylke rapporterer ingen spesielle problem med tilbodet til dei prioriterte gruppene (Hedmark, Buskerud, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland, Troms).

- Helsetilsynet i fire fylke rapporterer at tilbodet til gruppe c (eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie) gir grunn til uro (Østfold, Oslo og Akershus, Hordaland, Sør-Trøndelag).

- Helsetilsynet i fire fylke rapporterer at den økonomiske situasjonen påverkar tilbodet til dei prioriterte gruppene (Østfold, Oslo og Akershus, Vestfold, Telemark).

- Helsetilsynet i fire fylke rapporterer at bemanningssituasjonen påverkar tilbodet til dei prioriterte gruppene (Oppland, Telemark, Nord-Trøndelag, Troms).

- Helsetilsynet i tretten fylke rapporterer at fylkeskommunen har spesielle prosjekt eller spesielle tiltak som gjeld gruppe c (Østfold, Oslo, Hedmark, Buskerud, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland).

- Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har i 2004 gjennomført ei kartleggingsundersøking om rutinar/avtalar i kommunane som gjeld tilbodet til gruppe b og gruppe c.

- Helsetilsynet i Nordland har i 2004 gjennomført tilsyn med tilbod om tannhelsetenesta til gruppe c.

- Helsetilsynet i Rogaland har i 2004 gjennomført ein systemrevisjon som gjeld informasjon om retten til offentleg tannhelseteneste.

### 5.3 Rapportering om bemanningssituasjonen

- Helsetilsynet i seks fylke rapporterer at bemanningssituasjonen i Den offentlege tannhelsetenesta (DOT) har betra seg (Oslo og Akershus, Oppland, Buskerud, Vest-Agder, Hordaland, Møre og Romsdal).

- Helsetilsynet i sju fylke rapporterer at DOT har rekrutteringsproblem (Hedmark, Vestfold, Telemark, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms).

- Helsetilsynet i tre fylke rapporterer at stabilitet er eit problem i DOT (Oslo og Akershus, Buskerud, Nord-Trøndelag).

- Helsetilsynet i Buskerud rapporterer god stabilitet blant eldre tannlegar, mens Helsetilsynet i Telemark rapporterer at eldre tannlegar snart skal gå av med pensjon.

- Helsetilsynet i Østfold rapporterer at DOT nyttar fleire tannpleiarar.

- Helsetilsynet i tre fylke rapporterer at tannlegar er rekrutterte til DOT frå Tyskland (Oppland, Telemark, Hordaland).

- Helsetilsynet i fire fylke har ikkje rapportert om bemanningssituasjonen (Aust-Agder, Rogaland, Sør-Trøndelag, Finnmark).

### 5.4 Rapportering om andre forhold

- Helsetilsynet i Oslo og Akershus rapporterer at Den offentlege tannhelsetenesta har som mål å auke delen av vaksne pasientar for å møte behovet for full fagleg utøving hos tannhelsepersonell.

- Helsetilsynet i Telemark rapporterer at Den offentlege tannhelsetenesta prioriterer å behandle vaksne pasientar for å betre økonomien.

# 6 Utvikling av omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene og den vaksne befolkninga elles

## 6.1 Situasjonen i 2004

I 2004 var det om lag 1,4 millionar menneske i dei prioriterte gruppene. Av desse var om lag 1,2 millionar menneske – 86 prosent – under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta (87 prosent i 2003). 0,8 millionar menneske – 56 prosent – blei undersøkte og/eller behandla (56 prosent i 2003). 86 prosent av personar i dei prioriterte gruppene som var under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta i 2004, var barn i alderen frå 1–18 år (uendra frå 2003).

I tillegg til personar i dei prioriterte gruppene blei 158 000 vaksne undersøkte og/eller behandla i Den offentlege tannhelsetenesta.

Tabell 1

*Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Tal på personar i gruppene, tal på personer under tilsyn og tal på personar undersøkte/behandla 2001-2004*

| *Gruppe* | *Tal på personar i gruppene* | | | |
|---|---|---|---|---|
| | *2001* | *2002* | *2003* | *2004* |
| Barn 1–18 år (a) | 1 063 617 | 1 073 440 | 1 080 020 | 1 086 650 |
| Psykisk utviklingshemma (b) | 14 593 | 14 771 | 15 104 | 14 762 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie (c) | .. | .. | 158 477 | 162 718 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (c1) | .. | .. | 52 052 | 51 627 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie (c2) | .. | .. | 106 425 | 111 091 |
| Ungdom 19–20 år (d) | 107 993 | 107 857 | 107 398 | 108 676 |
| Andre grupper som fylkeskommunen prioriterer (e) | 21 138 | 9 905 | 5 460 | 6 399 |
| Den vaksne befolkninga elles (g) | 3 295 749 | 3 315 335 | 3 333 440 | 3 353 950 |
| | | | | |
| Alle personar i dei prioriterte gruppene (a–e) | .. | .. | 1 366 459 | 1 379 205 |
| Alle personar i heile befolkninga | 4 524 066 | 4 552 252 | 4 577 457 | 4 606 363 |

| *Gruppe* | *Tal på personar under tilsyn* | | | |
|---|---|---|---|---|
| | *2001* | *2002* | *2003* | *2004* |
| Barn 1–18 år (a) | 985 719 | 1 011 194 | 1 021 218 | 1 022 232 |
| Psykisk utviklingshemma (b) | 12 886 | 13 193 | 13 427 | 13 431 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie (c) | 72 435 | 73 719 | 74 096 | 72 156 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (c1) * | 35 299 | 34 627 | 34 539 | 32 734 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie (c2) * | 25 252 | 27 017 | 26 465 | 27 864 |
| Ungdom 19–20 år (d) | 66 911 | 72 341 | 78 704 | 79 053 |
| Andre grupper som fylkeskommunen prioriterer (e) | 5 379 | 5 487 | 4 129 | 5 271 |
| Den vaksne befolkninga elles (g) ** | 177 610 | 175 710 | 194 682 | 194 469 |
| | | | | |
| Alle personar i dei prioriterte gruppene (a–e) | 1 143 330 | 1 175 934 | 1 191 574 | 1 192 143 |
| Alle personar i dei prioriterte gruppene pluss den voksne befolkninga elles (a–e og g) | 1 320 940 | 1 351 644 | 1 386 256 | 1 386 612 |

| *Gruppe* | *Tal på personar som er undersøkte/behandla* | | | |
|---|---|---|---|---|
| | *2001* | *2002* | *2003* | *2004* |
| Barn 1–18 år (a) | 640 316 | 655 027 | 652 990 | 665 678 |
| Psykisk utviklingshemma (b) | 11 140 | 11 037 | 11 274 | 11 395 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie (c) | 48 357 | 48 153 | 48 148 | 49 538 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (c1) * | 25 963 | 24 769 | 24 175 | 23 256 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie (c2) * | 13 230 | 14 187 | 14 961 | 16 451 |
| Ungdom 19–20 år (d) | 38 709 | 41 412 | 43 205 | 47 758 |
| Andre grupper som fylkeskommunen prioriterer (e) | 4 369 | 4 387 | 3 697 | 4 840 |
| Den vaksne befolkninga elles (g) ** | 154 775 | 144 623 | 153 153 | 158 324 |
| | | | | |
| Alle personar i dei prioriterte gruppene (a–e) | 742 891 | 760 016 | 759 314 | 779 209 |
| Alle personar i dei prioriterte gruppene pluss den vaksne befolkninga elles (a–e og g) | 897 666 | 904 639 | 912 467 | 937 533 |

* Rogaland og Hordaland skilde fram til 2003 ikkje mellom gruppene c1 og c2. Dei to fylka er derfor ikkje med i tala for gruppene c1 og c2. Dei er derimot inkluderte i gruppe c.

** Tala for 2001–2003 avvik frå tidlegare publiserte tal. Dette er fordi Oslo tidlegare har rapportert talet på vaksne behandla på legevakta. Desse er no trekte frå.

Kilde: SSB. FylkesKOSTRA

Tabell 2

*Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Dei prioriterte gruppene og vaksne betalande. Del under tilsyn 2003 og 2004.*

| *2004* | *Barn 1–18 år* | | *Psykisk utviklings-hemma vaksne* | | *Eldre, langtids-sjuke og uføre i institusjon* | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | *2003* | *2004* | *2003* | *2004* | *2003* | *2004* |
| Østfold | 94 | 85 | 89 | 98 | 91 | 56 |
| Akershus | 98 | 98 | 96 | 99 | 102 | 84 |
| Oslo | 100 | 96 | 71 | 85 | 94 | 98 |
| Hedmark | 93 | 89 | 91 | 87 | 66 | 64 |
| Oppland | 101 * | 100 * | 98 | 97 | 99 | 99 |
| Buskerud | 95 | 95 | 96 | 92 | 81 | 77 |
| Vestfold | 93 | 92 | 94 | 88 | 88 | 90 |
| Telemark | 91 | 90 | 87 | 86 | 77 | 71 |
| Aust-Agder | 94 | 96 | 87 | 83 | 72 | 55 |
| Vest-Agder | 83 | 94 | 73 | 86 | 63 | 82 |
| Rogaland | 97 | 95 | 96 | 97 | .. | 75 |
| Hordaland | 95 | 94 | 88 | 91 | .. | 78 |
| Sogn og Fjordane | 98 | 98 | 94 | 96 | 67 | 85 |
| Møre og Romsdal | 90 | 91 | 85 | 90 | 65 | 69 |
| Sør-Trøndelag | 94 | 94 | 87 | 86 | 73 | 70 |
| Nord-Trøndelag | 86 | 89 | 85 | 82 | 46 | 56 |
| Nordland | 93 | 95 | 94 | 96 | 70 | 63 |
| Troms | 89 | 93 | 82 | 83 | 76 | 60 |
| Finnmark | 101 | 91 | 86 | 74 | 72 | 64 |
| Heile landet | 94 | 94 | 89 | 91 | 80 | 76 |

| *2004* | *Eldre, langtidssjuke og uføre i heime-sjukepleie* | | *19–20-åringar* | | *Vaksne betalande* | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | *2003* | *2004* | *2003* | *2004* | *2003* | *2004* |
| Østfold | 16 | 15 | 101 * | 81 | 2,2 | 1,4 |
| Akershus | 29 | 25 | 74 | 77 | 0,3 | 0,3 |
| Oslo | 36 | 31 | 78 | 72 | 0,0 | 0,0 |
| Hedmark | 25 | 31 | 91 | 89 | 8,5 | 8,4 |
| Oppland | 41 | 37 | 95 * | 100 * | 10,5 | 6,5 |
| Buskerud | 32 | 32 | 61 | 62 | 6,1 | 6,1 |
| Vestfold | 26 | 27 | 75 | 76 | 2,7 | 3,3 |
| Telemark | 36 | 42 | 72 | 68 | 5,9 | 5,2 |
| Aust-Agder | 30 | 29 | 71 | 75 | 5,5 | 6,1 |
| Vest-Agder | 43 | 46 | 79 | 88 | 2,2 | 1,8 |
| Rogaland | .. | 19 | 84 | 83 | 10,0 | 9,6 |
| Hordaland | .. | 32 | 77 | 72 | 5,3 | 5,7 |
| Sogn og Fjordane | 43 | 41 | 66 | 71 | 8,7 | 9,8 |
| Møre og Romsdal | 22 | 27 | 45 | 58 | 6,9 | 6,9 |
| Sør-Trøndelag | 23 | 33 | 70 | 73 | 11,9 | 12,2 |
| Nord-Trøndelag | 15 | 19 | 55 | 61 | 15,0 | 14,6 |
| Nordland | 34 | 32 | 47 | 46 | 6,3 | 7,7 |
| Troms | 38 | 26 | 65 | 64 | 10,8 | 14,2 |
| Finnmark | 33 | 25 | 71 | 49 | 22,2 | 19,1 |
| Heile landet | 30 | 29 | 70 | 72 | 5,8 | 5,8 |

Utrekningane er gjorde på følgjande måte:
Talet på 1–18-åringar under tilsyn / talet på 1–18-åringar per 31.12.
Talet på psykisk utviklingshemma under tilsyn / talet på psykisk utviklingshemma per 01.01.
Talet på eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon under tilsyn
/ talet på eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon gjennom heile året
Talet på eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie under tilsyn
/ talet på eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie per 31.12.
Talet på 19–20-åringar under tilsyn / talet på 19–20-åringar per 31.12.
Talet på vaksne under tilsyn / talet på vaksne 21 år og eldre per 31.12.

* Desse tala er sannsylegvis feil. Dei er derfor ikkje brukte i utrekninga av gjennomsnittet for heile landet.

### 6.2 Utviklinga frå 2003 til 2004

Tabell 1 viser omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene og til den vaksne befolkninga: tal på personar i gruppene, tal på personar under tilsyn, og tal på personar som er undersøkte/behandla i Den offentlege tannhelsetenesta i perioden frå 2001 til 2004 for heile landet.

Tabell 2 gir ei fylkesvis oversikt over delen av personar som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, både for dei prioriterte gruppene og den vaksne befolkninga elles[13].

Dei viktigaste trekka når det gjeld utviklinga på landsbasis, er:

– Det har ikkje vore ei endring i talet på barn, psykisk utviklingshemma og ungdom under tilsyn.

– Talet på eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon under tilsyn har gått ned med 5 prosent.

– Talet på eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie under tilsyn har auka med 5 prosent[14].

– Det har ikkje vore endring i talet på vaksne under tilsyn, men talet på vaksne som er undersøkte/behandla, har auka med 3 prosent.

Utviklinga i fylka når det gjeld *talet* på personar under tilsyn, viser at:

– I ni fylke har talet på personar under tilsyn, både personar i dei prioriterte gruppene og vaksne, auka (Akershus, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nordland og Troms).

– I tre fylke har talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn auka, og talet på vaksne under tilsyn gått ned (Telemark, Vest-Agder og Nord-Trøndelag).

– I fem fylke har talet på personar under tilsyn, både personar i dei prioriterte gruppene og vaksne, gått ned (Østfold, Hedmark, Oppland, Rogaland og Finnmark).

– I eitt fylke har talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn gått ned, og talet på vaksne under tilsyn har auka (Hordaland).

– I Oslo har talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn gått ned. Oslo har ikkje ordinært tilbod til vaksne betalande i Den offentlege tannhelsetenesta.

Når det gjeld *delen* av personar under tilsyn, ser vi at:

– I fire fylke ligg delen av personar under tilsyn på eller over landsgjennomsnittet for gruppene a, b, c1 og c2 (Oppland, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane).

– I fire fylke ligg delen av personar under tilsyn *under* landsgjennomsnittet for alle dei prioriterte gruppene (Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark).

– I to fylke har delen under tilsyn *auka* frå 2003 til 2004 for alle dei prioriterte gruppene (Vest-Agder og Møre og Romsdal).

– I eitt fylke har delen under tilsyn *gått ned* frå 2003 til 2004 for alle dei prioriterte gruppene (Finnmark).

– Forskjellane mellom fylka er ikkje blitt mindre (tabell 3).

13) Oppland rapporterte at 100 prosent av barn 1–19 år og ungdom 19–20 år var under tilsyn. Dette kom av feil i rapporteringa. Delen av barn under tilsyn i Oppland i 2001 og 2002 var 97 og 98 prosent. Delen ungdom under tilsyn i Oppland i 2001 og 2002 var 84 og 82 prosent.

14) Talet på eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon gjekk ned frå 2003 til 2004, og talet på eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie gjekk opp – sjå tabell 1.

Tabell 3

*Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Fylkesvis variasjon når det gjeld delen av personar under tilsyn 2003–2004.*

| *Gruppe* | *Fylkesvis variasjon i delen av personar under tilsyn* | |
|---|---|---|
| | *2003* | *2004* |
| Barn 1–18 år (a) * | 83-100 | 85-98 |
| Psykisk utviklingshemma (b) | 71-98 | 74-98 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (c1) ** | 46-100 | 55-99 |
| Eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie (c2) ** | 15-43 | 15-46 |
| Ungdom 19–20 år (d) *** | 45-91 | 46-89 |
| Den vaksne befolkninga elles (g) | 0-22 | 0-19 |

* Tal for Oppland ikkje inkludert for 2003 og 2004
** Tal for Rogaland og Hordaland ikkje inkludert for 2003
*** Tal for Oppland ikkje inkludert for 2003 og 2004, og tal for Østfold ikkje inkludert for 2003

### 6.3 Personar som ikkje tek imot tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta

For statistikkåret 2004 samla Statistisk sentralbyrå for første gong inn data om talet på personar som ikkje møtte til avtalt time, og talet på personar som takka nei til eit tilbod frå Den offentlege tannhelsetenesta. Statistikken var ufullstendig. Tretten av nitten fylkeskommunar leverte data om desse to variablane. Likevel gir statistikken ein peikepinn om omfanget av personar som får eit tilbod frå Den offentlege tannhelsetenesta, men som ikkje nyttar tilbodet. I dei fylka som leverte data, representerer desse personane om lag 4 prosent i gruppene a, b og c1. Delen av eldre, uføre og langtidssjuke i heimesjukepleia som anten ikkje møtte eller takka nei til tilbodet, var om lag 12 prosent, og delen av ungdom 19–20 år var om lag 16 prosent.

### 6.4 Tilbod til den vaksne befolkninga elles

Tabell 4 viser at det i 2004 var seks fylke der delen av vaksne under tilsyn var ti prosent eller høgare. I fem av desse fylka (unntaket er Sogn og Fjordane) var det éin eller fleire av dei prioriterte gruppene der delen under tilsyn låg under landsgjennomsnittet. Delen av vaksne under tilsyn er aukande i sju fylke.

Tabell 5 og figur 1 viser fordelinga av personar under tilsyn: vaksne og personar i dei prioriterte gruppene.

Tabell 4

*Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Delen av den vaksne befolkninga elles under tilsyn 2001–2004.*

| *Fylke* | *2001* | *2002* | *2003* | *2004* |
|---|---|---|---|---|
| Finnmark | 15 | 20 | 22 | 19 |
| Nord-Trøndelag | 14 | 11 | 15 | 15 |
| Troms | 9 | 9 | 11 | 14 |
| Sør-Trøndelag | 10 | 10 | 12 | 12 |
| Sogn og Fjordane | 9 | 9 | 9 | 10 |
| Rogaland | 8 | 8 | 10 | 10 |
| Hedmark | 7 | 8 | 9 | 8 |
| Nordland | 7 | 7 | 6 | 8 |
| Møre og Romsdal | 7 | 7 | 7 | 7 |
| Oppland | 8 | 8 | 10 | 7 |
| Buskerud | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Aust-Agder | 6 | 5 | 6 | 6 |
| Heile landet | 5 | 5 | 6 | 6 |
| Hordaland | 6 | 5 | 5 | 6 |
| Telemark | 6 | 6 | 6 | 5 |
| Vestfold | 2 | 2 | 3 | 3 |
| Vest-Agder | 1 | 2 | 2 | 2 |
| Østfold | 5 | 3 | 2 | 1 |
| Akershus | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oslo | 0 | 0 | 0 | 0 |

Tabell 5

*Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta. Delen av vaksne under tilsyn av alle under tilsyn 2004.*

| *Fylke* | *Alle i dei prioriterte gruppene* | *Vaksne betalande* | *Alle under tilsyn* | *Prosent vaksne under tilsyn av alle under tilsyn* |
|---|---|---|---|---|
| Finnmark | 18 635 | 9 972 | 28 607 | 35 |
| Nord-Trøndelag | 32 336 | 13 403 | 45 739 | 29 |
| Troms | 38 928 | 15 696 | 54 624 | 29 |
| Sør-Trøndelag | 70 040 | 24 141 | 94 181 | 26 |
| Hedmark | 44 849 | 11 798 | 56 647 | 21 |
| Rogaland | 113 984 | 26 285 | 140 269 | 19 |
| Sogn og Fjordane | 32 985 | 7 426 | 40 411 | 18 |
| Nordland | 61 870 | 13 244 | 75 114 | 18 |
| Møre og Romsdal | 62 565 | 12 198 | 74 763 | 16 |
| Oppland | 50 283 | 8 948 | 59 231 | 15 |
| Buskerud | 62 311 | 10 993 | 73 304 | 15 |
| Aust-Agder | 27 771 | 4 528 | 32 299 | 14 |
| Telemark | 40 645 | 6 340 | 46 985 | 13 |
| Hordaland | 120 174 | 18 236 | 138 410 | 13 |
| Vestfold | 55 677 | 5 276 | 60 953 | 9 |
| Vest-Agder | 45 924 | 2 115 | 48 039 | 4 |
| Østfold | 58 266 | 2 648 | 60 914 | 4 |
| Akershus | 139 444 | 1 222 | 140 666 | 1 |
| Oslo | 115 456 | 0 | 115 456 | 0 |

Figur 1

*Fordeling av personar under tilsyn: vaksne og personar i dei prioriterte gruppene.*



# 7 Bemanningssituasjonen i tannhelsetenesta

Tabell 6 gir ei fylkesvis oversikt over bemanningssituasjonen i 2004 for Den offentlege tannhelsetenesta, den private tannhelsetenesta og tannhelsetenesta totalt.

Bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta er målt ved talet på personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk, og per offentleg tannlege- og tannpleiarårsverk.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er målt ved talet på vaksne 21 år og eldre per privat tannlegeårsverk.

Bemanninga i alle tannhelsetenester er målt ved talet på innbyggjarar per tannlegeårsverk (alle tannlegar, både offentlege og private). I fylke der mange vaksne får eit tilbod frå Den offentlege tannhelsetenesta, er det misvisande å sjå på bemanningssituasjonen for offentlege og private tannlegar kvar for seg. Det er meir føremålstenleg å sjå på talet på personar i heile befolkninga per tannlegeårsverk (alle tannlegar).

Statistikken viser store forskjellar mellom fylka:

– Den offentlege tannhelsetenesta:

Fire fylke har over 1800 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk:

Oslo, Vest-Agder, Akershus og Vestfold.

Fire fylke har under 1000 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk:

Sogn og Fjordane, Nordland, Finnmark og Troms.

– Den private tannhelsetenesta:

Tre fylke har over 1700 personar 21 år og eldre per privat tannlegeårsverk:

Finnmark, Nordland og Oppland.

Fem fylke har under 1200 personar 21 år og eldre per privat tannlegeårsverk:

Vest-Agder, Telemark, Vestfold, Hordaland og Oslo.

– Tannhelsetenesta totalt:

Fem fylke har over 1400 personar per tannlegeårsverk:

Finnmark, Nord-Trøndelag, Oppland, Akershus og Sør-Trøndelag.

Fem fylke har under 1200 personar per tannlegeårsverk:

Sogn og Fjordane, Telemark, Troms, Hordaland og Oslo.

– Talet på personar under tilsyn i Den offentlege tannhelsetenesta per årsverk (tannlegar og tannpleiarar) varierer frå 553 i Finnmark til 1388 i Vest-Agder.

Tabell 6

*Bemanningssituasjon 2004.*

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 Østfold | 1 431 | 1 735 | 1 247 | 1 316 | 1 160 |
| 02 Akershus | 1 367 | 1 972 | 1 313 | 1 437 | 1 278 |
| 03 Oslo | 1 483 | 2 213 | 779 | 908 | 1 323 |
| 04 Hedmark | 828 | 1 153 | 1 592 | 1 384 | 857 |
| 05 Oppland | 928 | 1 121 | 1 726 | 1 439 | 1 019 |
| 06 Buskerud | 974 | 1 350 | 1 384 | 1 331 | 991 |
| 07 Vestfold | 1 248 | 1 876 | 1 105 | 1 220 | 1 165 |
| 08 Telemark | 1 108 | 1 310 | 1 123 | 1 134 | 1 065 |
| 09 Aust-Agder | 1 041 | 1 286 | 1 426 | 1 337 | 1 042 |
| 10 Vest-Agder | 1 493 | 1 972 | 1 166 | 1 297 | 1 388 |
| 11 Rogaland | 1 067 | 1 321 | 1 259 | 1 247 | 1 161 |
| 12 Hordaland | 853 | 1 065 | 1 000 | 995 | 855 |
| 14 Sogn og Fjordane | 745 | 961 | 1 477 | 1 197 | 825 |
| 15 Møre og Romsdal | 957 | 1 199 | 1 289 | 1 221 | 936 |
| 16 Sør-Trøndelag | 955 | 1 270 | 1 518 | 1 406 | 1 124 |
| 17 Nord-Trøndelag | 927 | 1 242 | 1 699 | 1 471 | 1 026 |
| 18 Nordland | 697 | 928 | 1 784 | 1 346 | 708 |
| 19 Troms | 500 | 719 | 1 548 | 1 117 | 582 |
| 20 Finnmark Finnmárku | 446 | 751 | 3 005 | 1 519 | 553 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

# 8 Vurderingar i Statens helsetilsyn

## 8.1 Hovudresultat

Statens helsetilsyn får mykje informasjon om tannhelsetenesta ved å følgje utviklinga i den offentlege statistikken som Statistisk sentralbyrå utarbeider og publiserer (fylkes-KOSTRA, registerbasert helse- og sosialpersonellstatistikk). På grunnlag av dette konstaterer vi at:

– Det er framleis store forskjellar mellom fylka når det gjeld omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene.

For eksempel:

Delen av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta i 2004 varierte frå 55 til 99 prosent.

Delen av eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta i 2004 varierte frå 15 til 46 prosent.

– Det er store forskjellar mellom fylka når det gjeld delen av vaksne under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta.

For eksempel:

Delen av vaksne under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta i 2004 varierte frå 0 til 19 prosent.

– Det var i 2004 fem fylke der delen av vaksne under tilsyn var 10 prosent eller høgare, og der delen under tilsyn i ei eller fleire av dei prioriterte gruppene låg under landsgjennomsnittet.

– Det er store forskjellar mellom fylka når det gjeld tenestetilbodet i forhold til ressursbruk i Den offentlege tannhelsetenesta.

For eksempel:

Talet på personar (personar i dei prioriterte gruppene og vaksne betalande) under tilsyn per tannlege- og tannpleiarårsverk i 2004 varierte frå over 1300 til under 600 personar.

– Det er store forskjellar mellom fylka når det gjeld bemanningssituasjonen i Den offentlege tannhelsetenesta.

For eksempel:

Fire fylke har over 1800 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk, og ni fylke har under 1000.

– Det er store forskjellar mellom fylka når det gjeld bemanningssituasjonen for tannlegar totalt.

For eksempel:

Fem fylke har over 1400 personar per tannlegeårsverk, og fem fylke har under 1200 personar.

## 8.2 Rapportering frå Helsetilsynet i fylka

Hovudføremålet med rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka var å få vurderingar frå det lokale tilsynsorganet om forhold i fylka som kan ha noko å seie for tannhelsetenestetilbodet i fylket – forhold som ein ikkje

kunne belyse gjennom tilgjengeleg offentleg statistikk. Helsetilsynet i fylka har lokalkunnskap om spesielle forhold i fylket som kan vere med på å forklare forskjellar i fylkesprofilane. I tillegg har dei kjennskap til variasjonen innanfor fylket, som for eksempel forskjellar mellom tannhelsetenesta i byane og i utkantstrøka, forskjellar mellom klinikkane, lokale geografiske forhold, lokal variasjon når det gjeld dekning av private tannlegar, og stabilitet blant offentlege tannlegar.

Helsetilsynet i alle fylka rapporterte til Statens helsetilsyn per 20. januar, bortsett frå Helsetilsynet i Finnmark, som ikkje hadde kapasitet til å følgje opp tannhelsetenesta i 2004. Helsetilsynet i åtte fylke har omtalt tannhelsetenesta i medisinalmeldinga.

Helsetilsynet i dei fleste fylka har greidd ut om situasjonen basert på statistikk frå SSB og tidlegare rapportar frå Statens helsetilsyn. Helsetilsynet i nokre av fylka har også gitt Statens helsetilsyn ei framstilling av spesielle forhold i fylket.

Mykje av det som er rapportert, er positivt:

– I fleire fylke har talet på personar under tilsyn auka.

Her kan ein nemne Vest-Agder spesielt. Vest-Agder hadde i 2002 den lågaste delen av barn og psykisk utviklingshemma vaksne under tilsyn. Frå 2003 til 2004 har delen under tilsyn auka og ligg no over landsgjennomsnittet for alle dei prioriterte gruppene.

– Ein av konklusjonane i Rapport 5/2004[15] var at tannhelsetenestetilbodet i mange fylke til eldre, langtidssjuke og uføre generelt, og spesielt til klientar som får heimesjukepleie, gir særleg grunn til uro. Mange fylke nemner tilbod til denne gruppa som den største utfordringa. Det er positivt at mange fylke arbeider aktivt med dette, ved for eksempel å gi informasjon til dei som har krav på eit tilbod, og ved å samarbeide med pleie- og omsorgstenesta.

– Helsetilsynet i fleire fylke rapporterer at bemanningssituasjonen er blitt betre, og statistikken viser at talet på tannlege- og tannpleiarårsverk har auka i åtte fylke frå 2003 til 2004.

### 8.3 Konklusjonar

Statens helsetilsyn har tidlegare fokusert på dei store forskjellane mellom fylka når det gjeld talet på personar i dei prioriterte gruppene, og talet på vaksne som får eit tilbod frå Den offentlege tannhelsetenesta. Statistikken som er presentert i denne rapporten, viser at på landsbasis er desse forskjellane i hovudsak ikkje blitt mindre i 2004.

I somme fylke har biletet rett nok endra seg. I somme fylke har omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene blitt større. For eksempel har delen under tilsyn auka frå 2003 til 2004 for alle dei prioriterte gruppene i Vest-Agder og Møre og Romsdal.

I andre fylke har omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene blitt mindre. Eksempelvis har delen under tilsyn gått ned frå 2003 til 2004 for alle dei prioriterte gruppene i Finnmark.

Tilsvarande viser bemanningssituasjonen framleis store forskjellar mellom fylka. Generelt sett har Nord-Noreg høg dekning av offentlege tannlegar og låg dekning av private tannlegar. Situasjonen på Austlandet er generelt omvendt: låg dekning av offentlege tannlegar og høg dekning av private tannlegar.

Somme fylke har ei optimistisk oppfatning av bemanningssituasjonen sjølv om bemanningsnivået er lågt i forhold til landsgjennomsnittet. Vest-Agder rapporterer til dømes at «den negative utviklingen som vi har sett de siste par årene, nå synes å flate ut og snu». Vest-Agder har låg dekning av offentlege tannlegar – nesten 2000 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk.

Andre fylke oppfattar bemanningssituasjonen som problematisk, sjølv om dekninga i Den offentlege tannhelsetenesta er høg samanlikna med andre fylke. Eitt eksempel er Den offentlege tannhelsetenesta i Nordland, som rapporterer at det har vore «mange ledige stillinger over flere år» og at «rekruttering av tannleger har vært et problem over tid». Men i 2004 var det 25 ledige stillingar for offentlege tannlegar. Bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i Nordland ligg over gjennomsnittsnivået for heile landet, med om lag 900 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk.

15) Tannhelsetjenesten i Norge. Omfanget av Den offentlige tannhelsetjenesten for de prioriterte gruppene og bemanningssituasjonen i tannhelsetjenesten, s. 7. Rapport fra Helsetilsynet 5/2004. Oslo: Statens helsetilsyn; 2004.

Statens helsetilsyn vil peike på at det ikkje er nokon eintydige forklaringar på dei forskjellane mellom fylka som er lagde fram. Det er nærliggjande å gå ut frå at ulikskapane er knytte til geografiske forhold og bemanningssituasjonen i kvart enkelt fylke. Statistikken og rapportane frå Helsetilsynet i fylka viser rett nok at desse faktorane berre delvis kan forklare forskjellane. Store fylke med spreidd busetjing har andre utfordringar knytt til behovsdekning enn fylke med høg folketettleik og korte reiseavstandar. Vi ser likevel at fylke som kan samanliknast når det gjeld folketettleik, har ulike fylkesprofilar. Likeins ser vi at somme fylke med høg bemanning i Den offentlege tannhelsetenesta har eit lågt tal personar under tilsyn per årsverk samanlikna med andre fylke, mens andre fylke med lik bemanning har ulike fylkesprofilar.

Administrative, økonomiske, helsemessige, sosiale og kulturelle forhold påverkar sannsynlegvis tannhelsetenestetilbodet. Men desse forholda veit vi lite om.

Sjølv om Den offentlege tannhelsetenestestatistikken er betra dei siste åra, har denne statistikken, som all statistikk, feilkjelder. Men forskjellane mellom fylka er så store at sjølv når ein har teke omsyn til feilkjeldene, gir forskjellane slik vi ser det, uttrykk for reelle forskjellar i tenestetilbodet.

Statistikken kan likevel ikkje gi noko eintydig svar på om Den offentlege tannhelsetenesta i kvart fylke har oppfylt krava i lova for alle dei prioriterte gruppene. Statens helsetilsyn går likevel ut ifrå at risikoen for at fylkeskommunen ikkje gir eit forsvarleg tilbod til dei prioriterte gruppene, er størst i dei fylka der delen under tilsyn ligg under landsgjennomsnittet.

I Rapport 5/2004 var Statens helsetilsyn uroleg for at delen av vaksne under tilsyn i 2002 låg rundt eller over landsgjennomsnittet i ti fylke der delen under tilsyn i ei eller fleire av dei prioriterte gruppene låg under landsgjennomsnittet. Etter vår vurdering indikerer ein slik profil at det kan liggje føre avvik frå krav om prioriterting av visse grupper etter lova. Sjølv om det har skjedd ei positiv utvikling i enkelte fylke, ligg delen vaksne under tilsyn framleis over landsgjennomsnittet i mange fylke der delen under tilsyn i ei eller fleire av dei prioriterte gruppene ligg under landsgjennomsnittet.

Med dette som bakteppe finn Statens helsetilsyn grunn til å understreke at det er fylkeskommunen som har ansvaret for å sjå til og følgje opp at krava i lova blir innfridde. Statens helsetilsyn legg til grunn at Helsetilsynet i fylka og fylkeskommunane merkar seg vurderingane i tilsynsorganet, og at dei vurderer om det er behov for å følgje opp tannhelsetenesta vidare. Vi vonar at rapporten kan  gi innspel og impulsar til forbetringsarbeidet.

# Oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka til Statens helsetilsyn om tannhelsetenesta

| *Fylke* | *Kontakt med Fylkes-tann-legen (F-tl)* | *Bemanningssituasjonen* | *Tilbod til dei prioriterte gruppene* | *Andre kommentarar* |
|---|---|---|---|---|
| Østfold | Ja | F-tl har ønskt å styrkje bemanninga med fleire tannpleiarar, bl.a. for å halde i hevd og styrkje arbeidet med gruppe c-pasientar. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Dei største utfordringane for å ta vare på behova til gruppe c er den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen og det ansvaret den enkelte kommunen har for å prioritere tilrettelegging av denne typen pasientar. | |
| Oslo | Fått rapport frå F-tl | Visse problem med å få dekt stillingar for tannlegar og tannpleiarar i første halvår av 2004. Situasjonen betra seg høsten 2004 slik at alle stillinger er fylte per 01.01.05. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Blir vurdert som tilfredsstillande for alle grupper bortsett frå gruppe c2. Det er ei målsetjing å auke dekningsgraden til denne gruppa. I eit utviklings-/prøveprosjekt i tre bydelar i 2004 og 2005 har bydelane no ansvar for å bestille tenester for gruppe c-pasientar. | |
| Akershus | Fått rapport frå F-tl | Ikkje problem med rekruttering av tannlegar. Men personellmangel: Innanfor dei stadig reduserte rammene er det ikkje tilstrekkeleg med midlar til å tilsetje tannlegar i vakansar/vikariat som det er behov for i tenesta. Yngre tannlegar forlèt DOT etter ei tid til fordel for privatpraksis. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Ikkje store endringar frå 2003–2004. Det ser ut til at delen pasienter under tilsyn i dei prioriterte gruppene kan haldast ved lag også for 2004, men med reduserte rammer kan dette gå ut over delen under tilsyn i dei prioriterte gruppene. | Eit mål å auke delen vaksne pasientar for å kunne møte behovet for full fagleg utøving hos tannhelsepersonell. |
| Hedmark | Ja | Litt rekrutteringsproblem i distrikta. | DOT fungerer godt. Ingen spesielle problem. | Ingen rettsklager.<br>Ei tilsynssak. |
| Oppland | Jamn kontakt med F-tl | Etter år med vanskeleg rekruttering og ledige stillingar er situasjonen noko betre. I 2004 var 10 prosent av stilingane ikkje fylte. Tannlegar er rekrutterte gjennom Aetat frå Tyskland. Frå 01.01.05 er det 15 tyske tannlegar av totalt 52 stillingar. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Det kritiske for eit godt tilbod til alle dei prioriterte gruppene i alle kommunane er tannlegedekninga. | |
| Buskerud | Jamn kontakt med F-tl | Rekrutteringa er blitt betre. Stabiliteten er framleis eit problem. Ein stabil kjerne av eldre tannlegar. Stor turnover blant dei yngre. Bortsett frå i Hallingdal er stillingane for tannpleiarar fylte. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Eit gjennomsnittsfylke. DOT har eit fast forpliktende samarbeid med pleie- og omsorgstenesta i alle kommunar som gjeld pasientar i gruppene c1 og c2 – 50 prosent av dei som får eit tilbod, takkar ja. Av desse kjem 90 prosent til behandling. | Det blir satsa på sentralisering av klinikkar. For risikopasientane kan auka reiseveg vere negativt. DOT har oppretta ei eiga avdeling for helsefremjande og førebyggjande arbeid. F-tl hevdar at DOT har fått reduserte budsjett dei seinare åra. Ikkje gått ut over tilbodet til dei prioriterte gruppene. |

Vedlegg 1
Oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka til Statens helsetilsyn om tannhelsetenesta (forts.)

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Vestfold | Faste kontaktmøte med F-tl | Det blir samarbeidd om rekrutteringsproblematikk i tannhelsetenesta som en del av rekrutteringsplanen som Fylkesmannen har ansvar for. Det er behov for å ekruttere både nye tannlegar og tannpleiarar. | Tannhelsetenesta vedtok i januar 2003 å avgrense tilbodet til pasientar i institusjon og heimesjukepleie av økonomiske årsaker. Fylkeslegen vurderte at vedtaket ikkje var i tråd med intensjonen I lova. Tannhelsetenesta gjorde om vedtaket. | Arbeid med omlegging av EDB-basert journal. |
| Telemark | Jamn kontakt med F-tl | Føresett at det er full bemanning i tenesta er kapasiteten tilstrekkeleg etter dei oppgåvene lova krev. DOT tapte i 2004 ca 2,5 tannlegeårsverk og ca 2 tannpleiarårsverk pga. fråvær, vakansar og andre forhold. Ved årsskiftet var 3 tannlegestillingar og 1 tannpleiarstilling ufylte. Pga. mangel på tannlegar er det svært vanskeleg å rekruttere tannlegar frå Noreg. Aktivt rekrutteringsarbeid i Tyskland. I 2005 kjem fleire tannlegar til å gå av med pensjon. Ved annonsering etter tannpleiarar er det svært få søkjarar. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Oppgåver på prioritert klientell i 2003 måtte forskyvast for å auke innteninga og for å betre budsjettbalansen i 2003. Det var fullt samsvar mellom budsjett og rekneskap for 2004. Dette kom av ståpåviljen til personellet og ei lojal oppslutning om å redusere innkjøp mest mogleg og å prioritere vaksenbehandling på slutten av året 2004. I enkelte kommunar har ikkje tilbodet vore tilfredsstillande pga. vakansar, sjukepermisjonar eller fråvær av andre årsaker i tannlegestillingar. Tenesta har innført ambuleringstillegg for å stimulere til ambulering til klinikkar der stillingar står ufylte. I Vest-Telemark har tenesta gjort avtale om å kjøpe tenester til fritt klientell som tilsvarer ca 0,5 årsverk, frå to private tannlegar. | I 2003–2004 har det vore satsa særleg på førebyggjande arbeid blant småbarn og skolebarn. Andre satsingsområde har vore å gi informasjon til personell på alders- og sjukeheimar. Helsepersonell i heimesjukepleia er blitt flinkare til å informere brukarane om kva rettar dei har i DOT. |
| Aust-Agder | Ja | | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Den største utfordringa ligg i å betre tannhelsa i dei mest utsette gruppene. Tannhelsestatistikken viser ei svært ujamn fordeling av tannhelseproblema i befolkninga. Dekningsgraden i institusjonar er tilfredsstillande, men under 40 prosent av brukarane av heimesjukepleia nyttar tilbodet frå tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta vil prioritere opplæring og motivasjon av pleie- og omsorgstilsette, samtidig som kommunane blir utfordra til å sørgje for nødvendige personellressursar. | Helsetilsynet i Aust-Agder og DOT i Aust-Agder har hatt eit fint samarbeid i 2004. Samarbeidet er både formalisert og systematisert mellom fylkestannlege og fylkeslege med regelmessige møte og felles tiltak. For tida går eit «vassprosjekt» i 4 kommunar. Representantar frå fylkeslege og fylkestannlege har hatt samtalar med kommunelege, helsesøster, tannpleiar og til dels tannlegar og skolar i kommunane. Helsesøster er aktivt med i prosjektet på helsestasjon. |
| Vest-Agder | Munnleg kontakt fleire gonger | I 2002–2003 var det uvanleg mange vakansar i DOT. I løpet av 2004 blei alle ledige tannlege- og tannpleiarstillingar fylte. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Dekningsgraden i 2004 var høgare i alle grupper, unntatt i gruppe c2, enn i 2003. Totalt var dekningsgraden 10 prosent høgare i 2004 enn i 2003. | Vurdering i Helsetilsynet i Vest-Agder: Den negative utviklinga som vi har sett dei siste par åra, ser no ut til å flate ut og snu. |
| Rogaland | Møte 03.05. 2004 | | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Ligg over landsgjennomsnittet for gruppene a, b og d. Det er sett i gang eit prosjekt for å betre samarbeidet med PLO og kvalitetssikre felles rutinar. | Systemrevisjon: Informasjon om retten til offentleg tannhelseteneste. Helsetilsynet i Rogaland behandla tilsynssaker mot 3 tannlegar – alle sakene er sende til Helsetilsynet. |

Vedlegg 1
Oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka til Statens helsetilsyn om tannhelsetenesta (forts.)

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hordaland | Ja | Høg tannlegebemanning både i DOT og privatpraksis. Saman med Oslo og Troms den høgaste bemanninga i Noreg. Rekrutteringa av tannlegar til DOT er blitt betre dei siste par åra, og siste halvår i 2004 var berre to tannlegestillingar ledige. Betre lønn, rekruttering frå Tyskland og lisensutdanninga i Bergen har medverka til færre ledige stillingar. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Tilbodet til dei eldre gir grunn til uro. Den offentlege tannhelsetenesta har gjort samarbeidsavtale om førebyggjande tannhelsearbeid for grupper av eldre, langtidssjuke og uføre med pleie- og omsorgstenestene i dei fleste kommunane, der ansvar og oppgåver er klargjorde. | Helsetilsynet i Hordaland: «Ikke aktuelt med videre oppfølging av rapporten fra vår side.» |
| Sogn og Fjordane | Ja | Ved årsskiftet 2004-2005 var det 4 vakante tannlegestillingar, så rekrutteringsarbeidet har framleis høg prioritet. | Framstilling av tilbodet til de prioriterte gruppene. Ganske god kontroll med tilsynet med dei prioriterte gruppene. Gruppene a og b ligg tett oppunder det som er måltalet. Gruppe c ligg over landsgjennomsnittet. Tiltak er sette i gang for å forbetre tilbodet til denne gruppa. Gruppe d ligg omtrent på landsgjennomsnittet. | I 2004 var det gjennomført ei evaluering av den ytre organiseringa av tannhelsetenesta i fylket. Konklusjonen var at det ikkje er behov for endring i organiseringa. Tannhelsetenesta arbeider likevel med effektiviseringstiltak. |
| Møre og Romsdal | Ja | Det har vore ei klar betring i rekrutteringa av tannlegar etter fleire vanskelege år. I 2004 blei det tilsett 13 nye tannlegar, og bemanningssituasjonen er den beste sidan 1996. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene, barn og ungdom 0–18 år og psykisk utviklingshemma, er godt. Høvesvis 91 prosent og 90 prosent av desse gruppene var under tilsyn i 2004. Når det gjeld eldre og uføre, var 78 prosent av pasientane i institusjonar og 40 prosent av dei i heimesjukepleia under tilsyn. Tilbodet for pasientane i heimesjukepleia er klart betra, talet frå 2003 var 33 prosent. Vi veit at i 2004 takka 10 prosent av pasientane i heimesjukepleia nei til tilbodet. Det er ei prioritert oppgåve for tannhelsetenesta å betre og kvalitetssikre tilbodet til eldre. Det vil blant anna skje gjennom prosjektet «Tenner for livet». | Eit av dei momenta som Helsetilsynet i fylket har peikt på som viktige, er samhandlinga mellom heimesjukepleia og tannhelsetenesta. Målet må vere å sikre at alle pasientane av heimesjukepleia blir informerte om rettane sine, blant anna tannpleie etter tannhelselova. Det har ikkje vore tilsynssaker som gjeld tannhelsepersonell i 2004. Det har heller ikkje vore rettsklager som gjeld tannhelsetenesta i 2004. |
| Sør-Trøndelag | Møte med administra-sjonen hos fylkesrådmannen og overtannlegane | | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Tilbod til gruppe c vesentleg under landsgjennomsnittet. Restriksjonar i oppfølgjande behandling av andre prioriterte grupper: manglande mjølketannsbehandling (gruppe a), avslag på implantatbehandling (gruppe d). Høg del av betalande klientell. | Kartleggingsundersøking av rutinane/avtalane I kommunane som gjeld tannhelsetenestetilbodet til gruppene b og c. Tilsynsbrev desember 2004 til Sør-Trøndelag fylkeskommune. Helsetilsynet i Sør-Trøndelag ber om tilbakemelding. |
| Nord-Trøndelag | Ja. Eitt møte. | Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag har lågast tannlegedekning av alle fylka i landet, samla offentleg og privat. Nord-Trøndelag har lågast dekning av private tannlegar i landet. DOT har lenge hatt ledige stillingar og hyppig skifte i tannlegestillingar. Dette fører til ulikskapar i tilbodet mellom mellom område i fylket, ekstra kostnader og lågare produktivitet og inntening. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. På grunn av ledige offentlege stillingar er tilbodet til dei prioriterte gruppene betydeleg lågare enn ønskt. På stader med langtidsledige tannlegestillingar er ventetida for behandling for fritt klientell opp til 8 månader. DOT er geografisk spreidd, som gjer det godt tilgjengeleg for befolkninga i dei minst befolkningstette områda, men gjer utfordringa når det gjeld rekruttering, større. | DOT ser det som ei viktig oppgåve å tilby behandling til vaksne betalande i dei områda av fylket som har låg dekning av privatpraktiserande tannlegar. I store delar av fylket er DOT det einaste tilbodet, ettersom det ikkje finst private tannlegar. Det er få klager på behandlingstilboda. Har hatt ei tilsynssak. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nordland | Ja | Mange ledige stillingar over fleire år. Rekruttering av tannlegar har vore eit problem over tid. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Delen personar under tilsyn – over landsgjennomsnittet for alle grupper, unntatt ungdom – har rangert denne gruppa nedst pga. mange ledige tannlegestillingar over fleire år. Fleire personar under tilsyn i 2004 enn i 2003. Nordland ligg noko over landsgjennomsnittet når det gjeld vaksne – i mange kommunar er det berre DOT. Nordland fylkeskommune har valt å prioritere innsette i fengsel og innlagde i psykiatrisk institusjon. | I 2004 gjennomførte Helsetilsynet i Nordland tilsyn med helsetenesta til eldre i 6 kommunar. Tilbod om tannhelsetenester blei tekne opp under «grunnleggjande behov». Tilsyna viste at sjukeheimane hadde jamt over gode rutinar for å melde pasientane til tannhelsetenesta og eit godt samarbeid med denne tenesta. Fylkeskommunen har ved inngangen til 2005 sendt ut kvalitetskriterium for 0–5-åringar og eldre i sjukeheimar, som alle tannklinikkar skal ta i bruk. |
| Troms | Ja | Mange ledige stillingar for tannlegar. Tredje beste dekninga i landet både av tannpleiarar og tannlegar. Dette gjeld både DOT og totalt. God tilgang på tannpleiarar i alle delar av fylket. | Framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene. Fylket ligg under landsgjennomsnittet – del under tilsyn gruppene a og b, over landsgjennomsnittet gruppene c1 og c2. Relativt høg del betalande vaksne som bruker DOT. Gjennom årlege møte med Fylkestannlegen i Troms vil Helsetilsynet i Troms følgje opp planlegginga av korleis ein kan yte tenester til eldre i sjukeheim. | Fem av dei minste kommunane har ikkje offentleg tannklinikk. Det er heller ikkje privatpraktiserande tannlegar i desse kommunane. Relativt lange ventetider for tannregulering og kjeveortopedi. |
| Finnmark | | | | På grunn av ressursmangel har Finnmark ikkje hatt kapasitet til å følgje opp tannhelsetenesta i 2004. |

# Fylkesprofilar

Nedanfor gir vi ein fylkesprofil for kvart fylke. Profilane presenterer følgjande:

- Rapportering frå Helsetilsynet i fylket om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn for året 2004 og dei viktigaste kommentarane frå rapportane.

  Desse kommentarane er presenterte utan tolkingar eller vurderingar frå Statens helsetilsyn.

- Tannhelsetenestestatistikk. Kjelda er Statistisk sentralbyrå:

  - omfang av Den offentlege tannhelsetenesta:

    tal på personar i dei prioriterte gruppene og tal på vaksne betalande under tilsyn og undersøkt/behandla i Den offentlege tannhelsetenesta i 2003 og 2004

  - bemanningsstatistikk for 2003 og 2004:

    avtalte årsverk for offentlege og private tannlegar og endringar i avtalte årsverk frå 2003 til 2004.

    I eit avtalt årsverk reknar vi med fødselspermisjonar og legemeldt fråvær[1]. Det totale talet på avtalte årsverk i Den offentlege tannhelsetenesta i 2004 var 1051. Fråvær på grunn av fødselspermisjonar og legemeldt fråvær var i 2004 79 årsverk, det vil seie om lag 7,5 prosent.

  - Bemanningsstatistikk for 2004:

    - tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege og tannpleiarårsverk (offentlege tannlegar og tannpleiarar)

    - tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlegeårsverk (offentlege tannlegar)

    - tal på vaksne (21 år og eldre) per tannlegeårsverk (private tannlegar)

    - tal på personar (heile befolkninga) per tannlegeårsverk (alle tannlegar)

    - tal på personar under tilsyn (både personar i dei prioriterte gruppene og vaksne betalande) per årsverk (offentlege tannlegar og tannpleiarar).

  Tala for 2004 er presenterte både for dei fylka dei gjeld, og for heile landet for å kunne samanlikne situasjonen i fylket med landsgjennomsnittet.

- Kommentarar frå Statens helsetilsyn

## Østfold

### Rapportering

Helsetilsynet i Østfold har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004. Rapporten «Prioriterte pasienter i tannhelsetjenesten» frå Østfold fylkeskommune var lagd ved rapporten frå Helsetilsynet i Østfold til Statens helsetilsyn.

Helsetilsynet i Østfold har vore i kontakt med fylkestannlegen i Østfold, og rapporterer at fylkestannlegen har ønskt å styrkje bemanninga med fleire tannpleiarar, blant anna for å ta vare på og styrkje arbeidet med eldre, langtidssjuke og uføre.

Rapportane frå Helsetilsynet i Østfold inneheld ei framstilling av tilboda til dei prioriterte gruppene. Helsetilsynet i Østfold nemner spesielt at dei største utfordringane for å ta vare på behovet til eldre, langtidssjuke og uføre er den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen og det ansvaret kvar enkelt kommune har for å prioritere tilrettelegging av tannhelsetenester for denne typen pasientar. I 1999 blei det innleidd eit samarbeid med alle kommunane i Østfold om «Halden-prosjektet». Resultatet blei eit undervisningsopplegg og ein rettleiar for kommunane i kvalitetssikring av førebyggjande tannhelse i gruppa av pleietrengande.

1) Statistisk sentralbyrå. Stadig flere prioriterte undersøkes. Tannhelsetjenesten. Foreløpige tall, 2004. Juli 2005. Oslo: Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/emner/03/02/tannhelse/

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsestatistikken for Østfold følgjande:

| *Gruppe* | *01 Østfold Tal under tilsyn 2003* | *01 Østfold Tal under tilsyn 2004* | *01 Østfold Tal undersøkt/ behandla 2003* | *01 Østfold Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 54 672 | 50 243 | 28 996 | 32 826 |
| Gruppe b | 845 | 852 | 820 | 675 |
| Gruppe c1 | 2 300 | 1 361 | 1 559 | 1 009 |
| Gruppe c2 | 1 094 | 1 070 | 944 | 591 |
| Gruppe c | 3 394 | 2 431 | 2 503 | 1 600 |
| Gruppe d | 5 732 | 4 691 | 1 647 | 2 902 |
| Gruppe e | 177 | 49 | 177 | 49 |
| Gruppe g | 4 182 | 2 648 | 2 392 | 2 146 |
| | | | | |
| Gruppe f | 64 820 | 58 266 | 34 143 | 38 052 |
| Gruppe h | 69 002 | 60 914 | 36 535 | 40 198 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 01 Østfold | 42,4 | 43,3 | 0,9 | 7,2 | 9,2 | 2,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 01 Østfold | 150,1 | 153,2 | 3,1 | 16,4 | 15,0 | -1,4 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 Østfold | 1 431 | 1 735 | 1 247 | 1 316 | 1 160 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Sjølv om det har vore ein nedgang på over 6000 i talet på personar under tilsyn, har det vore ein auke på om lag 4000 i talet på personar som er undersøkt/behandla. Talet på vaksne betalande som får eit tilbod i Den offentlege tannhelsetenesta, er blitt færre.

Sjølv om talet på årsverk i Den offentlege tannhelsetenesta har auka, har Østfold låg bemanning i høve til landsgjennomsnittet, med over 1700 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk. Bemanninga i den private tannhelsetenesta er på gjennomsnittsnivå for heile landet.

Talet på personar under tilsyn per tannlege- og tannpleiarårsverk i Østfold er høgare enn landsgjennomsnittet.

## Akershus

### Rapportering

Helsetilsynet i Oslo og Akershus har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004.

Helsetilsynet i Oslo og Akershus har fått ein rapport frå Akershus med tilbakemelding om Den offentlege tannhelsetenesta.

Rapportane frå Helsetilsynet i Oslo og Akershus inneheld ei framstilling av tilbod til dei prioriterte gruppene.

Helsetilsynet i Oslo og Akershus rapporterer at situasjonen i Akershus ikkje viser store endringar frå 2003 til 2004. Det ser ut til at delen av pasientar under tilsyn i dei prioriterte gruppene kan haldast ved lag også for 2004, men med reduserte rammer kan dette gå ut over delen under tilsyn i dei prioriterte gruppene.

Det har ikkje vore problem i Akershus med å rekruttere tannlegar. Men innanfor dei stadig reduserte rammene er det ikkje tilstrekkeleg med midlar til å tilsetje tannlegar i vakansar/vikariat som det er behov for i tenesta. Innkallingsintervalla er sett til 20 månader fordi det ikkje er økonomi til å tilsetje vikarar. Det er også erfaringa til Den offentlege tannhelsetenesta at yngre tannlegar etter ei tid forlèt Den offentlege tannhelsetenesta til fordel for privatpraksis. Den offentlege tannhelsetenesta i Akershus har som mål å auke delen av vaksne pasientar for å kunne møte behovet for full fagleg utøving hos tannhelsepersonell.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Akershus følgjande:

| *Gruppe* | *02 Akershus Tal under tilsyn 2003* | *02 Akershus Tal under tilsyn 2004* | *02 Akershus Tal undersøkt/ behandla 2003* | *02 Akershus Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 120 548 | 123 765 | 65 602 | 72 906 |
| Gruppe b | 1 152 | 1 181 | 960 | 902 |
| Gruppe c1 | 4 060 | 3 577 | 2 760 | 2 687 |
| Gruppe c2 | 2 227 | 2 006 | 1 380 | 1 404 |
| Gruppe c | 6 287 | 5 583 | 4 140 | 4 091 |
| Gruppe d | 7 992 | 8 488 | 3 797 | 4 110 |
| Gruppe e | 414 | 427 | 368 | 364 |
| Gruppe g | 955 | 1 222 | 807 | 1 037 |
| | | | | |
| Gruppe f | 136 393 | 139 444 | 74 867 | 82 373 |
| Gruppe h | 137 348 | 140 666 | 75 674 | 83 410 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 02 Akershus | 77,9 | 76,3 | -1,6 | 33,1 | 33,8 | 0,7 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 02 Akershus | 266,9 | 267,6 | 0,7 | 17,8 | 23,6 | 5,8 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 02 Akershus | 1 367 | 1 972 | 1 313 | 1 437 | 1 278 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Trass i den stramme økonomiske situasjonen i Den offentlege tannhelsetenesta i Akershus viser statistikken at fleire personar var under tilsyn og blei undersøkte/behandla i 2004 enn i 2003. Auken var spesielt stor for talet på personar i dei prioriterte gruppene som var undersøkte/behandla.

Når det gjeld Den offentlege tannhelsetenesta, har Akershus låg bemanning i høve til landsgjennomsnittet, med nesten 2000 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk. Bemanninga i den private tannhelsetenesta i Akershus er på gjennomsnittsnivå for heile landet.

Det gir grunn til ettertanke at innkallingsintervalla i Akershus er forlengde for å kompensere for personellmangel som følgje av reduserte rammer, og ikkje på fagleg grunnlag. Ein kan setje spørjeteikn ved at Den offentlege tannhelsetenesta i Akershus har eit mål om å auke delen av vaksne pasientar, når dei meiner at dei ikkje har tilstrekkeleg midlar til å møte behov hos personar i dei prioriterte gruppene.

Det var i 2004 over 1200 personar under tilsyn per tannlege- og tannpleiarårsverk i Akershus.

## Oslo

### Rapportering

Helsetilsynet i Oslo og Akershus har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004.

Helsetilsynet i Oslo og Akershus har fått ein rapport frå fylkestannlegen i Oslo med tilbakemelding om Den offentlege tannhelsetenesta.

Helsetilsynet i Oslo og Akershus vurderer situasjonen i Oslo som tilfredsstillande for alle grupper, sett bort frå gruppa eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie. Det er eit mål å auke dekningsgraden til denne gruppa. I eit utviklings-/prøveprosjekt i tre bydelar i 2004 og 2005 har no bydelane ansvar for å bestiller tenester for gruppe c-pasientar.

Rapporteringa for gruppe a er betra. Tidlegare tal har vore for høge. Gruppe c2 omfattar personar knytte til distriktspsykiatriske sentra.

Det har vore visse problem i Oslo med å få fylt tannlege- og tannpleiarstillingar i første halvår 2004. Situasjonen har betra seg hausten 2004 slik at alle stillingar per 01.01.05 var fylte.

## Tannhelsetenestestatistikk

For perioden 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Oslo følgjande:

| *Gruppe* | *03 Oslo Tal under tilsyn 2003* | *03 Oslo Tal under tilsyn 2004* | *03 Oslo Tal undersøkt/ behandla 2003* | *03 Oslo Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 99 251 | 97 813 | 48 647 | 47 459 |
| Gruppe b | 817 | 824 | 649 | 530 |
| Gruppe c1 | 6 094 | 6 273 | 4 467 | 3 778 |
| Gruppe c2 | 2 949 | 2 914 | 1 146 | 1 013 |
| Gruppe c | 9 043 | 9 187 | 5 613 | 4 791 |
| Gruppe d | 7 699 | 7 399 | 2 138 | 2 767 |
| Gruppe e | 293 | 233 | 293 | 233 |
| Gruppe g | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | |
| Gruppe f | 117 103 | 115 456 | 57 340 | 55 780 |
| Gruppe h | 117 103 | 115 456 | 57 340 | 55 780 |

Oslo har ikkje ordinært tilbod til vaksne betalande i Den offentlege tannhelsetenesta. For statistikkåra før 2003 blei om lag 9000 vaksne registrerte i SSB-statistikken som under tilsyn for Oslo. Desse er vaksne som er behandla ved tannlegevakta. Dei er derfor ikkje tekne med i tabellen.

Bemanningsstatistikk for 2003 til 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 03 Oslo | 59,3 | 58,5 | -0,8 | 25,8 | 28,8 | 3,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 03 Oslo | 500,3 | 524,9 | 24,6 | 40,2 | 51,7 | 11,5 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 03 Oslo | 1 483 | 2 213 | 779 | 908 | 1 323 |
| Hele landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar under tilsyn og talet på personar som er undersøkte/behandla, har gått ned i Oslo frå 2003 til 2004, sjølv om bemanningssituasjonen har betra seg.

Den offentlege tannhelsetenesta i Oslo jobbar aktivt med å betre tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre.

Bemanningssituasjonen i Oslo er spesiell. Oslo har den lågaste bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i landet, med over 2200 personar i dei prioriterte gruppene per tannlegeårsverk. Men Oslo har den høgaste bemanninga i landet av private tannlegar, med om lag 800 vaksne (personar 21 år og eldre) per tannlegeårsverk (private tannlegar). Men vi må tolke dette talet med varsemd. Å sjå på tannlegar i Oslo i høve til talet på vaksne som er registrerte som busette i Oslo, kan vere misvisande, fordi mange personar som bur i nabofylka, nyttar tannlege i Oslo.

Det var i 2004 over 1300 personar under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta per tannlege- og tannpleiarårsverk i Oslo.

## Hedmark

### Rapportering

Helsetilsynet i Hedmark har rapportert munnleg om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Sosial- og helsemelding, Årsrapport 2004.

Helsetilsynet i Hedmark rapporterer at dei har hatt god kontakt med fylkestannlegen i 2004.

Hedmark har teke del i FUTT-prosjektet (Forsøksordning med utvida fylkeskommunalt tilbod om tannhelsetenester i 2001–2003).

Den offentlege tannhelsetenesta i Hedmark har nokre rekrutteringsproblem i distrikta, men elles fungerer tannhelsetenesta godt. Det er ingen spesielle problem. Helsetilsynet i Hedmark har i 2004 ikkje hatt klager på rettar som gjeld tannhelsetenesta. Dei har hatt ei tilsynssak.

## Tannhelsetenestestatistikk

For perioden 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Hedmark følgjande:

| *Gruppe* | *04 Hedmark Tal under tilsyn 2003* | *04 Hedmark Tal under tilsyn 2004* | *04 Hedmark Tal undersøkt/ behandla 2003* | *04 Hedmark Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 38 272 | 36 866 | 25 343 | 23 630 |
| Gruppe b | 724 | 706 | 565 | 558 |
| Gruppe c1 | 1 758 | 1 738 | 981 | 1 058 |
| Gruppe c2 | 1 435 | 1 749 | 700 | 901 |
| Gruppe c | 3 193 | 3 487 | 1 681 | 1 959 |
| Gruppe d | 3 828 | 3 790 | 1 832 | 1 935 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 11 994 | 11 798 | 9 690 | 9 482 |
| | | | | |
| Gruppe f | 46 017 | 44 849 | 29 421 | 28 082 |
| Gruppe h | 58 011 | 56 647 | 39 111 | 37 564 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleia-rar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 04 Hedmark | 43,3 | 47,5 | 4,2 | 19,6 | 18,6 | -1,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 04 Hedmark | 78,3 | 88,6 | 10,3 | 7,6 | 7,7 | 0,1 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 04 Hedmark | 828 | 1 153 | 1 592 | 1 384 | 857 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar under tilsyn og talet på personar som er undersøkte/behandla, har gått ned, sjølv om bemanningssituasjonen har betra seg.

Den offentlege tannhelsetenesta har nokre problem med å rekruttere tannlegar til distrikta, men Hedmark har høg bemanning i høve til landsgjennomsnittet med om lag 1150 personar i dei prioriterte gruppene per tannlegeårsverk (om lag 800 personar per tannlege- og tannpleiarårsverk).

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er lågare enn gjennomsnittsnivået for heile landet.

## Oppland

### Rapportering

Helsetilsynet i Oppland har rapportert om tannhelsetenesta, både munnleg til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004. Fylkestannlegen har skrive innlegget i medisinalmeldinga.

Helsetilsynet i Oppland har jamleg kontakt med fylkestannlegen.

Etter år med vanskeleg rekruttering og ledige stillingar er situasjonen noko betre. I 2004 var 10 prosent av stillingane ledige. Gjennom Aetat har ein rekruttert tannlegar frå Tyskland. Det kritiske for eit godt tilbod til alle dei prioriterte gruppene i kommunane er tannlegedekninga.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Oppland følgjande:

| *Gruppe* | *05 Oppland Tal under tilsyn 2003* | *05 Oppland Tal under tilsyn 2004* | *05 Oppland Tal undersøkt/ behandla 2003* | *05 Oppland Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 40 963 | 40 543 | 28 469 | 27 918 |
| Gruppe b | 810 | 747 | 542 | 586 |
| Gruppe c1 | 2 503 | 2 509 | 1 233 | 1 325 |
| Gruppe c2 | 2 123 | 2 127 | 503 | 557 |
| Gruppe c | 4 626 | 4 636 | 1 736 | 1 882 |
| Gruppe d | 3 928 | 4 127 | 2 030 | 2 266 |
| Gruppe e | 295 | 230 | 168 | 161 |
| Gruppe g | 14 324 | 8 948 | 7 869 | 8 948 |
| | | | | |
| Gruppe f | 50 622 | 50 283 | 32 945 | 32 813 |
| Gruppe h | 64 946 | 59 231 | 40 814 | 41 761 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 05 Oppland | 46,0 | 48,1 | 2,1 | 9,0 | 10,0 | 1,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 05 Oppland | 83,9 | 79,2 | -4,7 | 4,6 | 4,3 | -0,3 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 05 Oppland | 928 | 1 121 | 1 726 | 1 439 | 1 019 |
| Hele landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Det har vore lite endring i omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta i Oppland frå 2003 til 2004.

Bemanningssituasjonen i Den offentlege tannhelsetenesta i Oppland har betra seg. Bemanninga er høgare enn gjennomsnittsnivået for heile landet.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er lågare enn gjennomsnittsnivået for heile landet.

## Buskerud

### Rapportering

Helsetilsynet i Buskerud har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Statens helsetilsyn har per august 2005 ikkje fått ei medisinalmelding frå Buskerud for 2004.

Helsetilsynet i Buskerud har jamleg kontakt med fylkestannlegen.

Rekrutteringa til Den offentlege tannhelsetenesta er blitt betre. Manglande stabilitet er framleis eit problem, det er stor turnover blant dei yngre tannlegane, men dei har ein stabil kjerne av eldre tannlegar. Sett bort frå i Hallingdal er stillingane for tannpleiarar fylte.

Buskerud er eit gjennomsnittsfylke når ein ser på tilbodet til dei prioriterte gruppene. Den offentlege tannhelsetenesta har eit fast forpliktande samarbeid med pleie- og omsorgstenesta i alle kommunar når det gjeld pasientar i gruppene c1 og c2. 50 prosent av dei som får eit tilbod, takkar ja. Av desse kjem 90 prosent til behandling.

I fylket blir det satsa på å sentralisere klinikkar. For risikopasientar kan auka reiseveg vere negativt. Den offentlege tannhelsetenesta har oppretta ei eiga avdeling for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Fylkestannlegen hevdar at Den offentlege tannhelsetenesta har fått reduserte budsjett dei seinare åra, men at dette ikkje har gått ut over tilbodet til dei prioriterte gruppene.

## Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Buskerud følgjande:

| *Gruppe* | *06 Buskerud Tal under tilsyn 2003* | *06 Buskerud Tal under tilsyn 2004* | *06 Buskerud Tal undersøkt/ behandla 2003* | *06 Buskerud Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 52 650 | 52 960 | 37 748 | 37 205 |
| Gruppe b | 743 | 697 | 662 | 655 |
| Gruppe c1 | 1 878 | 1 871 | 1 609 | 1 651 |
| Gruppe c2 | 1 871 | 1 900 | 1 543 | 1 661 |
| Gruppe c | 3 749 | 3 771 | 3 152 | 3 312 |
| Gruppe d | 3 384 | 3 503 | 2 544 | 2 563 |
| Gruppe e | 847 | 1 380 | 760 | 1 321 |
| Gruppe g | 10 872 | 10 993 | 8 891 | 9 672 |
| | | | | |
| Gruppe f | 61 373 | 62 311 | 44 866 | 45 056 |
| Gruppe h | 72 245 | 73 304 | 53 757 | 54 728 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 06 Buskerud | 71,1* | 53,4 | -17,7 | 18,5 | 20,6 | 2,1 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 06 Buskerud | 115,1 | 129,5 | 14,4 | 7,4 | 7,7 | 0,3 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 06 Buskerud | 974 | 1 350 | 1 384 | 1 331 | 991 |
| Hele landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

* Talet på årsverk for offentlege tannlegar i 2004 var 53. Ifølgje fylkestannlegen i Buskerud har talet på årsverk for offentlege tannlegar ikkje endra seg frå 2003 til 2004. SSB-statistikken (helse- og sosial-personellregister) viser ein stor nedgang på 18 årsverk for offentlege tannlegar for denne perioden. Talet for 2003 er sannsynlegvis feil. Statens helsetilsyn har gjort SSB merksam på dette.

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta har auka med litt under 1000 personar frå 2003 til 2004. Talet på vaksne under tilsyn var nesten det same.

Samarbeidet med pleie- og omsorgstenesta om tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre ser ut til å fungere bra.

Rekrutteringa til Den offentlege tannhelsetenesta er blitt betre.

Bemanninga i Buskerud er no på gjennomsnittsnivået for heile landet for Den offentlege tannhelsetenesta og litt lågare enn gjennomsnittsnivået for den private tannhelsetenesta.

## Vestfold

### Rapportering

Helsetilsynet i Vestfold har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Statens helsetilsyn har per august 2005 ikkje fått ei medisinalmelding frå Vestfold for 2004.

Det er etablert faste kontaktmøte mellom Den offentlege tannhelsetenesta og Helsetilsynet i fylket / Fylkesmannens helse- og sosialavdeling med minimum to kontaktmøte per år. Dette blei etablert i 1990.

Det blir samarbeidd om rekrutteringsproblematikk til tannhelsetenesta som ein del av rekrutteringsplanen som Fylkesmannen har ansvar for. Det er behov for å rekruttere både nye tannlegar og tannpleiarar.

Tannhelsetenesta vedtok januar 2003 å avgrense tilbodet til pasientar i institusjon og heimesjukepleie av økonomiske årsaker. Helsetilsynet i Vestfold vurderte at vedtaket ikkje var i tråd med intensjonen i lova. Tannhelsetenesta gjorde om vedtaket.

Den offentlege tannhelsetenesta arbeider med å leggje om EDB-basert journal.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Vestfold følgjande:

| *Gruppe* | *07 Vestfold Tal under tilsyn 2003* | *07 Vestfold Tal under tilsyn 2004* | *07 Vestfold Tal undersøkt/ behandla 2003* | *07 Vestfold Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 47 590 | 47 803 | 28 007 | 25 542 |
| Gruppe b | 762 | 762 | 559 | 560 |
| Gruppe c1 | 1 817 | 1 669 | 667 | 1 039 |
| Gruppe c2 | 1 347 | 1 490 | 687 | 861 |
| Gruppe c | 3 164 | 3 159 | 1 354 | 1 900 |
| Gruppe d | 3 879 | 3 953 | 1 532 | 1 377 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 4 268 | 5 276 | 1 724 | 2 676 |
| | | | | |
| Gruppe f | 55 395 | 55 677 | 31 452 | 29 379 |
| Gruppe h | 59 663 | 60 953 | 33 176 | 32 055 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 07 Vestfold | 33,3 | 34,8 | 1,5 | 17,8 | 17,5 | -0,3 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 07 Vestfold | 136,3 | 146,1 | 9,8 | 9,5 | 14,6 | 5,1 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 07 Vestfold | 1 248 | 1 876 | 1 105 | 1 220 | 1 165 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

## Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Det har vore lite endring frå 2003 til 2004 i talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn av Den offentlege tannhelse-tenesta. Men talet på undersøkte/behandla har gått ned med over 2000 personar.

Den offentlege tannhelsetenesta i Vestfold ser at ho treng å rekruttere fleire tannlegar og tannpleiarar. Bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta er under gjennomsnitts-nivået for heile landet.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er høgare enn gjennomsnittsnivået for heile landet.

# Telemark

## Rapportering

Helsetilsynet i Telemark har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004. Fylkestannlegen har skrive innlegget i medisinalmeldinga. Årsmeldinga for 2004 frå fylkestannlegen blir lagd ved rapporten til Statens helsetilsyn frå Helsetilsynet i Telemark.

Helsetilsynet i Telemark har jamleg kontakt med fylkestannlegen.

På vilkår av at det er full bemanning i tenesta, er kapasiteten tilstrekkeleg i høve til lovpålagde oppgåver. Den offentlege tann-helsetenesta tapte i 2004 om lag 2,5 tann-legeårsverk og om lag 2 tannpleiarårsverk på grunn av fråvær, vakansar og andre for-hold. Ved årsskiftet stod tre tannlegestillin-gar og ei tannpleiarstilling utan tilsette. På grunn av tannlegemangel er det svært van-skeleg å rekruttere tannlegar frå Noreg, og det er drive aktivt rekrutteringsarbeid i Tyskland. I 2005 er det fleire tannlegar som kjem til å gå av med pensjon. Når tann-pleiarstillingar blir lyste ut, er det svært frå søkjarar.

Ein måtte forskyve oppgåver på prioritert klientell i 2003 for å auke innteninga og for å betre budsjettbalansen i 2003. Det var fullt samsvar mellom budsjett og rekneskap for

2004. Dette kjem blant anna av at vaksenbehandling blei prioritert på slutten av 2004. I somme kommunar har ikkje tilbodet vore tilfredsstillande på grunn av vakansar, sjukepermisjonar eller fråvær av andre årsaker i tannlegestillingar. Tenesta har innført ambuleringstillegg for å stimulere til å ambulere til klinikkar der stillingar står utan tilsette. I Vest-Telemark har tenesta inngått avtale om å kjøpe tenester til vaksne betalande tilsvarande om lag 0,5 årsverk frå to private tannlegar.

I 2003–2004 har det vore satsa særleg på førebyggjande arbeid blant småbarn og skolebarn. Andre satsingsområde har vore å gi informasjon til personell på alders- og sjukeheimar. Helsepersonell i heimesjukepleia er blitt flinkare til å informere brukarane om rettane deira i høve til Den offentlege tannhelsetenesta.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Telemark følgjande:

| *Gruppe* | *08 Telemark Tal under tilsyn 2003* | *08 Telemark Tal under tilsyn 2004* | *08 Telemark Tal undersøkt/ behandla 2003* | *08 Telemark Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 34 155 | 34 090 | 24 500 | 24 535 |
| Gruppe b | 464 | 449 | 417 | 405 |
| Gruppe c1 | 1 401 | 1 339 | 1 067 | 822 |
| Gruppe c2 | 1 727 | 2 004 | 992 | 953 |
| Gruppe c | 3 128 | 3 343 | 2 059 | 1 775 |
| Gruppe d | 2 856 | 2 763 | 1 842 | 1 721 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 7 250 | 6 340 | 6 866 | 6 171 |
| | | | | |
| Gruppe f | 40 603 | 40 645 | 28 818 | 28 436 |
| Gruppe h | 47 853 | 46 985 | 35 684 | 34 607 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 08 Telemark | 41,7 | 37,3 | -4,4 | 7,4 | 6,8 | -0,6 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 08 Telemark | 98,3 | 109,4 | 11,1 | 6,3 | 5,3 | -1,0 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 08 Telemark | 1 108 | 1 310 | 1 123 | 1 134 | 1 065 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Statistikken viser at omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene frå 2003 til 2004 ikkje har endra seg. Sjølv om Den offentlege tannhelsetenesta rapporterer at dei måtte prioritere å behandle vaksne betalande på slutten av 2004 på grunn av budsjettet, har talet på vaksne under tilsyn gått ned med om lag 1000 frå 2003 til 2004.

Tannhelsetenesta til eldre, langtidssjuke og uføre er eit satsingsområde.

Bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i Telemark er på gjennomsnittsnivået for heile landet. Bemanninga til den private tannhelsetenesta er litt over gjennomsnittsnivået for heile landet.

## Aust-Agder

### Rapportering

Helsetilsynet i Aust-Agder har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004. Fylkestannlegen har skrive innlegget i medisinalmeldinga.

Fylkestannlegen skriv i Medisinalmelding 2004 at Helsetilsynet i Aust-Agder og tannhelsetenesta i Aust-Agder har hatt eit fint samarbeid i året 2004 med regelmessige møte og felles tiltak.

Den største utfordringa er å betre tannhelsa i dei mest utsette gruppene. Tannhelsestatistikken viser ei svært ujamn fordeling av tannhelseproblema i befolkninga. Dekningsgraden i institusjonar er tilfredsstillande, men under 40 prosent av brukarane i heimesjukepleia nyttar tilbodet frå tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta vil prioritere opplæring og motivasjon av pleie- og omsorgstilsette, samtidig som kommunane blir utfordra til å sjå til at dei nødvendige personellressursane er på plass.

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Aust-Agder følgjande:

| *Gruppe* | *09 Aust-Agder Tal under tilsyn 2003* | *09 Aust-Agder Tal under tilsyn 2004* | *09 Aust-Agder Tal undersøkt/ behandla 2003* | *09 Aust-Agder Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 23 672 | 23 937 | 17 418 | 15 980 |
| Gruppe b | 237 | 223 | 224 | 211 |
| Gruppe c1 | 899 | 727 | 823 | 653 |
| Gruppe c2 | 884 | 859 | 740 | 704 |
| Gruppe c | 1 783 | 1 586 | 1 563 | 1 357 |
| Gruppe d | 1 947 | 2 025 | 1 344 | 1 427 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 4 117 | 4 528 | 3 850 | 4 297 |
| | | | | |
| Gruppe f | 27 639 | 27 771 | 20 549 | 18 975 |
| Gruppe h | 31 756 | 32 299 | 24 399 | 23 272 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 09 Aust-Agder | 25,1 | 25,1 | 0,0 | 7,6 | 5,9 | -1,7 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 09 Aust-Agder | 45,0 | 52,4 | 7,4 | 2,9 | 2,1 | -0,8 |
| Heile landet | 2 582,0 | 2 745,9 | 163,9 | 224,3 | 259,9 | 35,6 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 09 Aust-Agder | 1 041 | 1 286 | 1 426 | 1 337 | 1 042 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

Kommentarar frå Statens helsetilsyn
Statistikken viser at omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta i dei prioriterte gruppene ikkje har endra seg frå 2003 til 2004, mens omfanget til vaksne betalande har auka.

Tannhelsetenester til eldre, langtidssjuke og uføre er eit prioritert område.

Bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i Aust-Agder er på gjennomsnittsnivået for heile landet. Bemanninga i den private tannhelsetenesta er under gjennomsnittsnivået for heile landet.

## Vest-Agder

### Rapportering

Helsetilsynet i Vest-Agder har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Medisinalmelding 2004. Helsetilsynet i Vest-Agder har gjennom 2004 fleire gonger hatt munnleg kontakt med fylkestannlegen.

Dekningsgraden i 2004 var høgare enn i 2003 i alle grupper, unnateke i gruppe c2. Totalt var dekningsgraden 10 prosent høgare i 2004 enn i 2003.

Vest-Agder har teke del i FUTT-prosjektet (Forsøksordning med utvida fylkeskommunalt tilbod om tannhelsetenester 2001–2003).

I 2002–03 var det uvanleg mange vakansar i Den offentlege tannhelsetenesta. I 2004 blei alle ledige tannlege- og tannpleiarstillingar fylte.

Den negative utviklinga som Den offentlege tannhelsetenesta i Vest-Agder har sett dei siste par åra, ser no ut til å flate ut og snu.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Vest-Agder følgjande:

| *Gruppe* | *10 Vest-Agder Tal under tilsyn 2003* | *10 Vest-Agder Tal under tilsyn 2004* | *10 Vest-Agder Tal undersøkt/ behandla 2003* | *10 Vest-Agder Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 33 574 | 38 279 | 22 430 | 23 639 |
| Gruppe b | 370 | 389 | 296 | 382 |
| Gruppe c1 | 1 164 | 1 500 | 666 | 942 |
| Gruppe c2 | 1 782 | 2 066 | 700 | 849 |
| Gruppe c | 2 946 | 3 566 | 1 366 | 1 791 |
| Gruppe d | 3 372 | 3 690 | 1 604 | 1 609 |
| Gruppe e | 110 | 0 | 94 | 0 |
| Gruppe g | 2 494 | 2 115 | 2 494 | 2 115 |
| | | | | |
| Gruppe f | 40 372 | 45 924 | 25 790 | 27 421 |
| Gruppe h | 42 866 | 48 039 | 28 284 | 29 536 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 10 Vest-Agder | 27,6 | 26,2 | -1,4 | 10,5 | 8,4 | -2,1 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 10 Vest-Agder | 88,5 | 98,1 | 9,6 | 8,1 | 9,4 | 1,3 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 10 Vest-Agder | 1 493 | 1 972 | 1 166 | 1 297 | 1 388 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Vest-Agder har hatt den største auken i heile landet i tal på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn – ein auke på 14 prosent frå 2003 til 2004. Det har vore ein auke i talet på personar under tilsyn i alle dei prioriterte gruppene.

Sjølv om Helsetilsynet i Vest-Agder rapporterer at bemanningssituasjonen har betra seg sidan 2002, var bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i Vest-Agder i 2004 nest lågast i heile landet (nesten 2000 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk) og lågast i heile landet for tannlegar og tannpleiarar (nesten 1500 personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk). Bemanninga i den private tannhelsetenesta var på gjennomsnittsnivå for heile landet.

Vest-Agder låg i 2004 høgast av alle fylke i landet når det gjeld tal på personar under tilsyn per årsverk – nesten 1400.

## Rogaland

### Rapportering

Helsetilsynet i Rogaland har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Årsmelding 2004 frå Fylkesmannen i Rogaland.

Helsetilsynet i Rogaland har hatt eit nært samarbeid med fylkestannlegen i Rogaland når det gjeld oppfølging av og tilsyn med tannhelsetenesta. Helsetilsynet i Rogaland har også hatt eit uformelt samarbeid med dei to klagenemndene til tannlegeforeininga i Rogaland. Helsetilsynet i Rogaland heldt eit møte med fylkestannlegen i Rogaland der rapporten for 2002 frå Statens helsetilsyn blei gått gjennom og presisert. Møtet medverka til auka merksemd på tannhelsetenesta.

Omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta ligg over landsgjennomsnittet for gruppene a, b og d. Det er sett i gang eit prosjekt for å betre samarbeidet med pleie-

og omsorgstenesta og kvalitetssikre felles rutinar.

Informasjon om retten til offentleg tannhelseteneste har vore tema ved ein av systemrevisjonane som blei gjennomført av Helsetilsynet i Rogaland i 2004. Helsetilsynet i Rogaland har i 2004 behandla tilsynssaker mot tre tannlegar. Alle sakene er sende over til Statens helsetilsyn.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Rogaland følgjande:

| *Gruppe* | *11 Rogaland Tal under tilsyn 2003* | *11 Rogaland Tal under tilsyn 2004* | *11 Rogaland Tal undersøkt/ behandla 2003* | *11 Rogaland Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 100 201 | 98 805 | 67 481 | 67 948 |
| Gruppe b | 1 355 | 1 433 | 1 187 | 1 342 |
| Gruppe c1 | .. | 2 555 | .. | 2 435 |
| Gruppe c2 | .. | 1 662 | .. | 1 370 |
| Gruppe c | 4 030 | 4 217 | 3 204 | 3 805 |
| Gruppe d | 8 442 | 8 514 | 5 934 | 6 610 |
| Gruppe e | 883 | 1 015 | 727 | 777 |
| Gruppe g | 26 977 | 26 285 | 18 682 | 18 851 |
| | | | | |
| Gruppe f | 114 911 | 113 984 | 78 533 | 80 482 |
| Gruppe h | 141 888 | 140 269 | 97 215 | 99 333 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 11 Rogaland | 92,5 | 97,6 | 5,1 | 23,7 | 23,2 | -0,5 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 11 Rogaland | 203,1 | 217,6 | 14,5 | 22,3 | 23,9 | 1,6 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 11 Rogaland | 1 067 | 1 321 | 1 259 | 1 247 | 1 161 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn i Den offentlege tannhelsetenesta viser ein nedgang på nesten 1000 frå 2003 til 2004, men talet på undersøkte/behandla er auka med om lag 2000.

Eit prosjekt er sett i gang når det gjeld samarbeid med pleie- og omsorgstenesta og tannhelsetenester til eldre, langtidssjuke og uføre.

Bemanninga i både Den offentlege tannhelsetenesta og den private tannhelsetenesta er på gjennomsnittsnivået for heile landet.

## Hordaland

### Rapportering

Helsetilsynet i Hordaland har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004. Ein rapport om vurdering av situasjonen i Hordaland frå fylkestannlegen til Helsetilsynet i Hordaland er lagd ved rapporten frå Helsetilsynet i Hordaland til Statens helsetilsyn.

Helsetilsynet i Hordaland har hatt kontakt med fylkestannlegen og har fått ei utfyllande orientering og vurdering av dekningsgrad og bemanningssituasjonen i fylket.

Hordaland har høg tannlegebemanning, både i Den offentlege tannhelsetenesta og i privatpraksis. Saman med Oslo og Troms har Hordaland den høgaste bemanninga i Noreg. Rekrutteringa av tannlegar til Den offentlege tannhelsetenesta er blitt betre dei siste par åra, og siste halvåret i 2004 var berre to tannlegestillingar ledige. Betre løn, rekruttering frå Tyskland og lisensutdanninga i Bergen har medverka til færre ledige stillingar.

Tilbodet til eldre er urovekkjande. Den offentlege tannhelsetenesta har inngått ein samarbeidsavtale om førebyggjande tannhelsearbeid for grupper av eldre, langtidssjuke og uføre med pleie- og omsorgstenestene i dei fleste kommunane, der ansvar og oppgåver er klargjorde.

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Hordaland følgjande:

| *Gruppe* | *12 Hordaland Tal under tilsyn 2003* | *12 Hordaland Tal under tilsyn 2004* | *12 Hordaland Tal undersøkt/ behandla 2003* | *12 Hordaland Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 104 673 | 103 552 | 65 226 | 67 994 |
| Gruppe b | 1 217 | 1 283 | 1 051 | 1 170 |
| Gruppe c1 | .. | 4 143 | .. | 3 641 |
| Gruppe c2 | .. | 3 198 | .. | 2 385 |
| Gruppe c | 9 062 | 7 341 | 5 808 | 6 026 |
| Gruppe d | 8 399 | 7 843 | 5 027 | 5 444 |
| Gruppe e | 0 | 155 | 0 | 155 |
| Gruppe g | 16 805 | 18 236 | 16 805 | 15 294 |
| | | | | |
| Gruppe f | 123 351 | 120 174 | 77 112 | 80 789 |
| Gruppe h | 140 156 | 138 410 | 93 917 | 96 083 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 12 Hordaland | 134,0 | 129,6 | -4,4 | 29,6 | 32,3 | 2,7 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 12 Hordaland | 289,7 | 321,2 | 31,5 | 37,8 | 43,0 | 5,2 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 12 Hordaland | 853 | 1 065 | 1 000 | 995 | 855 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Det har frå 2003 til 2004 vore ein stor nedgang i talet på personar under tilsyn i Den offentlege tannhelsetenesta – om lag 3200 færre personar, men nesten 3700 fleire personar er blitt undersøkte/behandla. Talet på vaksne betalande under tilsyn har auka med om lag 1400.

Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland arbeider aktivt for å betre tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre.

Bemanninga i både Den offentlege tannhelsetenesta og den private tannhelsetenesta er over gjennomsnittsnivået for heile landet.

Talet på personar under tilsyn per årsverk i Den offentlege tannhelsetenesta er lågare enn landsgjennomsnittet.

## Sogn og Fjordane

Rapportering

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Helse- og sosialmelding 2004.

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har vore i kontakt med direktør for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ved årsskiftet 2004–2005 var det 4 vakante tannlegestillingar, så rekrutteringsarbeidet har framleis høg prioritet.

Trass i vakansar i nokre tannlegestillingar har Den offentlege tannhelsetenesta rimeleg bra kontroll med tilsynet med dei prioriterte gruppene. Gruppene a og b er tett oppunder det som er måltal. Sjølv om tilbodet til gruppe c ligg over landsgjennomsnittet, er tiltak sette i gang for å betre tilbodet til denne gruppa. Gruppe d ligg omtrent på landsgjennomsnittet.

I 2004 blei den ytre organiseringa av tannhelsetenesta i fylket evaluert. Konklusjonen var at det ikkje var behov for å endre organiseringa. Tannhelsetenesta arbeider likevel med effektiviseringstiltak.

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Sogn og Fjordane følgjande:

| *Gruppe* | *14 Sogn og Fjordane Tal under tilsyn 2003* | *14 Sogn og Fjordane Tal under tilsyn 2004* | *14 Sogn og Fjordane Tal undersøkt/ behandla 2003* | *14 Sogn og Fjordane Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| ruppe a | 26 554 | 26 499 | 19 606 | 19 979 |
| Gruppe b | 356 | 365 | 291 | 306 |
| Gruppe c1 | 1 139 | 1 332 | 876 | 1 200 |
| Gruppe c2 | 1 316 | 1 346 | 789 | 759 |
| Gruppe c | 2 455 | 2 678 | 1 665 | 1 959 |
| Gruppe d | 1 871 | 2 007 | 1 360 | 1 318 |
| Gruppe e | 1 013 | 1 436 | 1 013 | 1 436 |
| Gruppe g | 6 596 | 7 426 | 6 596 | 7 426 |
| | | | | |
| Gruppe f | 32 249 | 32 985 | 23 935 | 24 998 |
| Gruppe h | 38 845 | 40 411 | 30 531 | 32 424 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 14 Sogn og Fjordane | 36,5 | 38,0 | 1,5 | 11,1 | 11,0 | -0,1 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 14 Sogn og Fjordane | 49,9 | 51,4 | 1,5 | 6,6 | 6,8 | 0,2 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 14 Sogn og Fjordane | 745 | 961 | 1 477 | 1 197 | 825 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Det har frå 2003 til 2004 vore ein auke i omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til både personar i dei prioriterte gruppene og til vaksne betalande.

Tiltak for å betre tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre er sett i gang.

Bemanninga i Sogn og Fjordane er over gjennomsnittsnivået for heile landet for Den offentlege tannhelsetenesta og under gjennomsnittsnivået for den private tannhelsetenesta.

## Møre og Romsdal

### Rapportering

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Helse- og sosialmelding 2004.

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har hatt kontakt med fylkestannlegen, blant anna om prosjektet «Tenner for livet».

Rekrutteringa av tannlegar har betra seg klart etter fleire vanskelege år. I 2004 blei 13 nye tannlegar tilsette, og bemanningssituasjonen er den beste sidan 1996.

Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene, barn og ungdom og psykisk utviklingshemma, er godt. Tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre i heimesjukepleie er blitt betre frå 2003 til 2004. Ti prosent av pasientane i heimesjukepleie takka nei til tilbodet. Det er ei prioritert oppgåve for tannhelsetenesta å betre og kvalitetssikre tilbodet til eldre, blant anna gjennom prosjektet «Tenner for livet».

Samhandlinga mellom heimesjukepleie og tannhelsetenesta er viktig. Målet må vere å sikre at alle pasientane i heimesjukepleie blir informerte om rettane sine, blant anna tannpleie etter tannhelselova.

Det har ikkje vore tilsynssaker som gjeld tannhelsepersonell i 2004. Det har heller ikkje vore rettsklager som gjeld tannhelsetenesta i 2004.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Møre og Romsdal følgjande:

| *Gruppe* | *15 Møre og Romsdal Tal under tilsyn 2003* | *15 Møre og Romsdal Tal under tilsyn 2004* | *15 Møre og Romsdal Tal undersøkt/ behandla 2003* | *15 Møre og Romsdal Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 53 373 | 54 062 | 40 442 | 39 467 |
| Gruppe b | 686 | 713 | 586 | 614 |
| Gruppe c1 | 2 197 | 2 223 | 1 654 | 1 709 |
| Gruppe c2 | 1 478 | 1 867 | 974 | 1 226 |
| Gruppe c | 3 675 | 4 090 | 2 628 | 2 935 |
| Gruppe d | 2 920 | 3 700 | 2 471 | 2 880 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 12 142 | 12 198 | 10 299 | 10 165 |
| | | | | |
| Gruppe f | 60 654 | 62 565 | 46 127 | 45 896 |
| Gruppe h | 72 796 | 74 763 | 56 426 | 56 061 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 15 Møre og Romsdal | 65,9 | 63,8 | -2,1 | 16,7 | 16,1 | -0,6 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 15 Møre og Romsdal | 125,3 | 136,6 | 11,3 | 3,8 | 5,3 | 1,5 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 15 Møre og Romsdal | 957 | 1 199 | 1 289 | 1 221 | 936 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta har auka med nesten 2000 personar i perioden frå 2003 til 2004.

Betring av tilbodet til eldre, langtidssjuke og uføre er eit prioritert område.

Bemanninga i Møre og Romsdal er høgare enn gjennomsnittsnivået for heile landet for Den offentlege tannhelsetenesta og på gjennomsnittsnivå for den private tannhelsetenesta.

## Sør-Trøndelag

### Rapportering

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Medisinalmelding 2004.

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har over lengre tid følgt opp det tilbodet fylkeskommunen har av offentlege tannhelsetenester til dei prioriterte gruppene. Den offentlege tannhelsetenesta i Sør-Trøndelag kjem til å bli følgt opp vidare av Helsetilsynet i Sør-Trøndelag i 2005.

Tilbodet til gruppe c er vesentleg under landsgjennomsnittet. Det er gitt eit avgrensa tilbod i høve til intensjonen i tannhelsetenestelova. Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har også peika på restriksjonar i oppfølgjande behandling av andre prioriterte grupper, som manglande mjølketannsbehandling (gruppe a) og avslag på implantatbehandling til ungdom (gruppe d). Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har også peika på den høge delen betalande klientell i Den offentlege tannhelsetenesta.

Som ledd i tilsynsarbeidet har Helsetilsynet i Sør-Trøndelag gjennomført møte med administrasjonen hos fylkesrådmannen og med overtannlegane for å prøve å kartleggje korleis Sør-Trøndelag fylkeskommune kan ta vare på styringskrava etter lova.

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har lagt fram revisjonsrapporten frå mai 2004 frå Sør-Trøndelag fylkeskommune for Den offentlege tannhelsetenesta i Sør-Trøndelag frå Sør-Trøndelag fylkeskommune.

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har gjennomført ei kartleggingsundersøking i alle kommunane i fylket om rutinar/avtalar som gjeld tannhelsetenestetilbodet til gruppene b og c.

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag vurderte tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta i brev dagsett 21. desember 2004 til Sør-Trøndelag fylkeskommune. Helsetilsynet i Sør-Trøndelag spør etter tilbakemelding/tiltak på fleire område. I brevet oppsummerer Helsetilsynet i Sør-Trøndelag situasjonen slik: Den offentlege tannhelsetenesta i Sør-Trøndelag har vore underlagd betydelege effektiviseringstiltak gjennom fleire år. Dette har ført til at tilbodet til, og behandling av, prioriterte grupper ikkje har vore tilstrekkeleg teke hand om.

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Sør-Trøndelag følgjande:

| *Gruppe* | *16 Sør-Trøndelag Tal under tilsyn 2003* | *16 Sør-Trøndelag Tal under tilsyn 2004* | *16 Sør-Trøndelag Tal undersøkt/ behandla 2003* | *16 Sør-Trøndelag Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 59 753 | 60 583 | 39 957 | 39 619 |
| Gruppe b | 781 | 725 | 674 | 634 |
| Gruppe c1 | 2 279 | 2 097 | 1 849 | 1 623 |
| Gruppe c2 | 1 240 | 1 846 | 929 | 1 518 |
| Gruppe c | 3 519 | 3 943 | 2 778 | 3 141 |
| Gruppe d | 4 432 | 4 633 | 2 963 | 3 307 |
| Gruppe e | 0 | 156 | 0 | 156 |
| Gruppe g | 23 505 | 24 141 | 20 111 | 21 121 |
| | | | | |
| Gruppe f | 68 485 | 70 040 | 46 372 | 46 857 |
| Gruppe h | 91 990 | 94 181 | 66 483 | 67 978 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 16 Sør-Trøndelag | 66,4 | 63,0 | -3,4 | 21,8 | 20,8 | -1,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 16 Sør-Trøndelag | 130,3 | 130,9 | 0,6 | 5,8 | 5,5 | -0,3 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tann-pleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 16 Sør-Trøndelag | 955 | 1 270 | 1 518 | 1 406 | 1 124 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, har auka med om lag 1500 personar frå 2003 til 2004, mens talet på undersøkte/behandla har gått ned med om lag 500. I same perioden har talet på vaksne betalande undersøkte/behandla auka med over 1000 personar.

Helsetilsynet i Sør-Trøndelag har over lengre tid jobba aktivt med tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, blant anna med ei kartleggingsundersøking i kommunane om rutinar/avtalar når det gjeld tannhelsetilbod til gruppene b og c.

Bemanninga i Sør-Trøndelag er på gjennomsnittsnivået for heile landet for Den offentlege tannhelsetenesta og under gjennomsnittsnivået for den private tannhelsetenesta.

## Nord-Trøndelag

### Rapportering

Helsetilsynet i Nord-Trøndelag har rapportert om tannhelsetenesta både munnleg til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005 og i Medisinalmelding 2004.

Helsetilsynet i Nord-Trøndelag har hatt kontakt med fylkestannlegen.

Nord-Trøndelag har saman med Sør-Trøndelag lågast tannlegedekning av alle fylka i landet, samla offentleg og privat. Nord-Trøndelag har lågast dekning i landet av private tannlegar. Den offentlege tannhelsetenesta har lenge hatt ledige stillingar og hyppige skifte i tannlegestillingar. Dette fører til ulike tilbod mellom område i fylket, ekstra kostnader og lågare produktivitet og inntening.

På grunn av ledige offentlege stillingar er tilbodet til dei prioriterte gruppene betydeleg lågare enn ønskt. På stader med tannlegestillingar som har stått ledige over lang tid, er ventetida for behandling for fritt klientell opp til 8 månader. Den offentlege tannhelsetenesta er geografisk spreidd, noko som gir godt tilgjenge for befolkninga i dei minst folketette områda, men aukar utfordringa når det gjeld rekruttering.

Den offentlege tannhelsetenesta ser det som ei viktig oppgåve å tilby behandling til vaksne betalande i dei områda av fylket som har låg dekning av privatpraktiserande tannlegar. I store delar av fylket er Den offentlege tannhelsetenesta det einaste tilbodet ettersom det ikkje er private tannlegar.

Nord-Trøndelag har teke del i FUTT-prosjektet (Forsøksordning med utvida fylkeskommunalt tilbod om tannhelsetenester 2001–2003). Tilbodet som er oppretta, blir ført vidare i 2004/2004.

Det er få klager på behandlingstilbod. Helsetilsynet i Nord-Trøndelag har hatt ei tilsynssak.

## Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Nord-Trøndelag følgjande:

| *Gruppe* | *17 Nord-Trøndelag Tal under tilsyn 2003* | *17 Nord-Trøndelag Tal under tilsyn 2004* | *17 Nord-Trøndelag Tal undersøkt/ behandla 2003* | *17 Nord-Trøndelag Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 27 522 | 28 297 | 19 724 | 22 140 |
| Gruppe b | 497 | 477 | 371 | 404 |
| Gruppe c1 | 683 | 788 | 603 | 700 |
| Gruppe c2 | 586 | 764 | 494 | 646 |
| Gruppe c | 1 269 | 1 552 | 1 097 | 1 346 |
| Gruppe d | 1 746 | 2 010 | 1 355 | 1 410 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 13 755 | 13 403 | 10 237 | 10 462 |
| | | | | |
| Gruppe f | 31 034 | 32 336 | 22 547 | 25 300 |
| Gruppe h | 44 789 | 45 739 | 32 784 | 35 762 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 17 Nord-Trøndelag | 35,5 | 33,3 | -2,2 | 12,2 | 11,3 | -0,9 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 17 Nord-Trøndelag | 49,8 | 54,0 | 4,2 | 3,3 | 3,3 | 0,0 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlegeårsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlegeårsverk – alle tannlegar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 17 Nord-Trøndelag | 927 | 1 242 | 1 699 | 1 471 | 1 026 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, har auka med om lag 1300 personar frå 2003 til 2004, og talet på undersøkte/behandla viser ein auke på om lag 2700 personar. I same perioden har talet på vaksne betalande undersøkte/behandla auka med om lag 200 personar.

Helsetilsynet i Nord-Trøndelag rapporterer at tilbodet til dei prioriterte gruppene er betydeleg lågare enn ønskt på grunn av ledige offentlege tannlegestillingar. Ifølgje fylkesKOSTRA-tal[2], hadde Den offentlege tannhelsetenesta i Nord-Trøndelag per 31.13.2004 fire ledige tannlegestillingar og 1,8 ledige tannpleiarstillingar. Sjølv om Den offentlege tannhelsetenesta i Nord-Trøndelag rapporterer om problem med bemanninga, er bemanninga på gjennomsnittsnivå for heile landet.

I Nord-Trøndelag var 14,6 prosent av den vaksne befolkninga i 2004 under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta. Berre Finnmark har ein høgare del.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er under gjennomsnittsnivået for heile landet. Bemanningsnivået for alle tannlegar er det nest lågaste i landet etter Finnmark.

## Nordland

### Rapportering

Helsetilsynet i Nordland har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn både per 20. januar 2005 og i Melding 2004.

Helsetilsynet i Nordland har hatt kontakt med fylkestannlegen.

Nordland har over fleire år hatt mange ledige tannlegestillingar. Rekruttering av tannlegar har vore eit problem over tid. I medisinalmeldinga står det at det per 2003 var 22 ledige stillingar og at 40 av 64 offentlege klinikkar er 1-tannlegeklinikkar. Dette skaper eit rekrutteringsproblem fordi nyutdanna tannlegar primært ønskjer å arbeide i eit fagmiljø.

Helsetilsynet i Nordland gjer i rapporten til Statens helsetilsyn greie for tilbod til dei prioriterte gruppene. Delen personar under tilsyn ligg litt over landsgjennomsnitt for alle grupper, unnateke ungdom. Den offentlege tannhelsetenesta har rangert denne gruppa nedst på grunn av mange ledige tannlegestillingar over fleire år. Fleire personar var under tilsyn i 2004 enn i 2003.

Nordland ligg noko over landsgjennomsnittet når det gjeld vaksne betalande. Dette heng saman med at det i mange kommunar berre er offentleg tannhelseteneste.

Nordland fylkeskommune har ved inngangen til 2005 sendt ut kvalitetskriterium for 0–5-åringar og eldre i sjukeheimar som alle tannklinikkar skal ta i bruk.

I 2004 gjennomførte Helsetilsynet i Nordland tilsyn i 6 kommunar med helsetenesta til eldre. Tilbod om tannhelsetenesta blei teke opp under «grunnleggjande behov». Tilsyna viste at sjukeheimane hadde jamt over gode rutinar for å melde pasientane til tannhelsetenesta og eit godt samarbeid med denne tenesta.

2) Statistisk sentralbyrå. FylkesKOSTRA. Tall, 2004. Oslo: Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/kostra/

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Nordland følgjande:

| *Gruppe* | *18 Nordland Tal under tilsyn 2003* | *18 Nordland Tal under tilsyn 2004* | *18 Nordland Tal undersøkt/ behandla 2003* | *18 Nordland Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 52 731 | 53 782 | 37 759 | 39 609 |
| Gruppe b | 864 | 889 | 785 | 822 |
| Gruppe c1 | 2 242 | 2 018 | 1 532 | 1 506 |
| Gruppe c2 | 2 360 | 2 316 | 1 444 | 1 677 |
| Gruppe c | 4 602 | 4 334 | 2 976 | 3 183 |
| Gruppe d | 2 743 | 2 704 | 1 867 | 2 148 |
| Gruppe e | 94 | 161 | 94 | 161 |
| Gruppe g | 10 872 | 13 244 | 10 872 | 11 559 |
| | | | | |
| Gruppe f | 61 034 | 61 870 | 43 481 | 45 923 |
| Gruppe h | 71 906 | 75 114 | 54 353 | 57 482 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 18 Nordland | 91,6* | 79,7 | -11,9 | 29,1 | 26,4 | -2,7 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 18 Nordland | 90,1 | 96,3 | 6,2 | 9,8 | 12,7 | 2,9 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 18 Nordland | 697 | 928 | 1 784 | 1 346 | 708 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

* Talet på årsverk for offentlege tannlegar i 2004 var om lag 80. Ifølgje fylkestannlegen i Nordland har talet på årsverk for offentlege tannlegar ikkje endra seg frå 2003 til 2004. SSBs statistikk (helse- og sosial-personellregister) viser ein stor nedgang på 12 årsverk for offentlege tannlegar for denne perioden. Talet for 2003 er sannsynlegvis feil. Statens helsetilsyn har gjort SSB merksam på dette mishøvet i statistikken.

## Statens helsetilsyn kommenterer

Talet på personar i dei prioriterte gruppene som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta har auka med om lag 800 personar frå 2003 til 2004, og talet på undersøkte/behandla viser ein auke på om lag 2400 personar. I same perioden har talet på vaksne betalande som er undersøkte/behandla, auka med om lag 700 personar.

Den offentlege tannhelsetenesta har eit godt samarbeid med pleie- og omsorgstenesta om tannhelsetenesta til eldre i institusjon.

I Nordland var 7,7 prosent av den vaksne befolkninga i 2004 under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta.

Ifølgje fylkesKOSTRA[3] hadde Nordland per 31.12.2004 25,8 ledige tannlegestillingar og 6,9 ledige tannpleiarstillingar i Den offentlege tannhelsetenesta. Likevel er bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta langt over gjennomsnittsnivået for heile landet, med om lag 900 personar i dei prioriterte gruppene per tannlegeårsverk (700 i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk). Berre Troms og Finnmark har fleire offentlege tannlegar i høve til folketalet enn Nordland.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er under gjennomsnittsnivået for heile landet, med om lag 1800 vaksne (personar 21 år og eldre) per tannlegeårsverk. Berre Finnmark har færre private tannlegar i høve til den vaksne befolkninga enn Nordland.

Talet på personar under tilsyn per tannlege- og tannpleiarårsverk i Nordland var lågt samanlikna med andre fylke – om lag 700 personar per årsverk.

# Troms

## Rapportering

Helsetilsynet i Troms har rapportert om tannhelsetenesta til Statens helsetilsyn per 20. januar 2005. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Medisinalmelding 2004.

I Troms er oppfølginga av rapporten frå Statens helsetilsyn om tannhelse til dei prioriterte gruppene gjord gjennom møte mellom Helsetilsynet i fylket og fylkestannlegen i november 2004. Helsetilsynet i Troms vil følgje opp planlegginga av korleis ein kan gi tenestene til eldre, langtidssjuke og uføre, gjennom årlege møte med fylkestannlegen i Troms.

Den offentlege tannhelsetenesta har mange ledige stillingar for tannlegar, men fylket har den tredje beste dekninga av tannpleiarar og tannlegar i landet. Dette gjeld både Den offentlege tannhelsetenesta og totalt. Det er god tilgang på tannpleiarar i alle delar av fylket.

Rapporten frå Helsetilsynet i Troms gjer greie for tilbodet til dei prioriterte gruppene. Fylket ligg under landsgjennomsnittet for del under tilsyn i gruppene a og b og over landsgjennomsnittet for gruppene c1 og c2.

Det er ein relativt høg del betalande vaksne som bruker Den offentlege tannhelsetenesta. Den høge delen kjem av både mangel på private tannlegar i distrikta og at offentlege tannlegar ønskjer å arbeide med vaksne for å få allsidig fagleg praksis og høve til å utvikle seg.

Fem av dei minste kommunane har ikkje offentleg tannklinikk. Det er heller ikkje privatpraktiserande tannlegar i desse kommunane. Ventetider for tannregulering og kjeveortopedi er relativt lange.

Troms har låg tenesteproduksjon (få personar per tannlege/tannpleiar), men har 20 prosent høgare driftskostnader enn landsgjennomsnittet.

3) Statistisk sentralbyrå. FylkesKOSTRA. Tall, 2004. Oslo: Statistisk sentralbyrå. http://www.ssb.no/kostra/

Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Troms følgjande:

| *Gruppe* | *19 Troms Tal under tilsyn 2003* | *19 Troms Tal under tilsyn 2004* | *19 Troms Tal undersøkt/ behandla 2003* | *19 Troms Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 32 671 | 33 848 | 21 001 | 23 643 |
| Gruppe b | 511 | 527 | 447 | 465 |
| Gruppe c1 | 1 453 | 1 142 | 1 221 | 1 029 |
| Gruppe c2 | 1 437 | 1 058 | 642 | 747 |
| Gruppe c | 2 890 | 2 200 | 1 863 | 1 776 |
| Gruppe d | 2 351 | 2 353 | 1 131 | 1 253 |
| Gruppe e | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gruppe g | 11 949 | 15 696 | 7 001 | 8 291 |
| | | | | |
| Gruppe f | 38 423 | 38 928 | 24 442 | 27 137 |
| Gruppe h | 50 372 | 54 624 | 31 443 | 35 428 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar | offentlege tannpleiarar |
| 19 Troms | 65,8 | 65,2 | -0,6 | 30,2 | 28,6 | -1,6 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tannpleiarar | private tannpleiarar | private tannpleiarar |
| 19 Troms | 61,5 | 71,5 | 10,0 | 11,3 | 15,0 | 3,7 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar pertannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 19 Troms | 500 | 719 | 1 548 | 1 117 | 582 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Talet på personar i dei prioriterte gruppene som var under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, viser ein auke på om lag 500 personar frå 2003 til 2004, og talet på undersøkte/behandla viser ein auke på om lag 2700 personar. I same perioden har talet på vaksne betalande under tilsyn auka med om lag 3700 personar, og talet på vaksne undersøkte/behandla har auka med om lag 1300 personar.

Den offentlege tannhelsetenesta i Troms hadde, per 31. desember 2004, 8 ledige stillingar for tannlegar. Likevel hadde Troms i 2004 den beste dekninga av offentlege tannlegar i landet, med om lag 720 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlegeårsverk.

I Troms var 14,2 prosent av den vaksne befolkninga i 2004 under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta. Berre Finnmark og Nord-Trøndelag har ein høgare prosentdel.

Bemanninga i den private tannhelsetenesta er under gjennomsnittsnivået for private tannlegar og over gjennomsnittsnivået for alle tannlegar. Berre Hordaland og Oslo har høgare bemanning for alle tannlegar.

Talet på personar under tilsyn (personar i dei prioriterte gruppene og vaksne) per årsverk (tannlege- og tannpleiarårsverk) i Troms i 2004 var lågt samanlikna med andre fylke – færre enn 600 personar per årsverk.

## Finnmark

### Rapportering

Helsetilsynet i Finnmark har informert Statens helsetilsyn om at dei ikkje hadde kapasitet til å følgje opp tannhelsetenesta i 2004. Statens helsetilsyn har per august 2005 ikkje fått ei medisinalmelding frå Helsetilsynet i Finnmark for 2004. Tannhelsetenesta er ikkje omtalt i Årsrapport frå Fylkesmannen i Finnmark 2004.

### Tannhelsetenestestatistikk

For perioden frå 2003 til 2004 viser tannhelsetenestestatistikken for Finnmark følgjande:

| *Gruppe* | *20 Finnmark Tal under tilsyn 2003* | *20 Finnmark Tal under tilsyn 2004* | *20 Finnmark Tal undersøkt/ behandla 2003* | *20 Finnmark Tal undersøkt/ behandla 2004* |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe a | 18 393 | 16 505 | 14 634 | 13 639 |
| Gruppe b | 236 | 189 | 188 | 174 |
| Gruppe c1 | 672 | 570 | 608 | 525 |
| Gruppe c2 | 609 | 482 | 354 | 384 |
| Gruppe c | 1 281 | 1 052 | 962 | 909 |
| Gruppe d | 1 183 | 860 | 787 | 711 |
| Gruppe e | 3 | 29 | 3 | 27 |
| Gruppe g | 11 625 | 9 972 | 7 967 | 8 611 |
| | | | | |
| Gruppe f | 21 096 | 18 635 | 16 574 | 15 460 |
| Gruppe h | 32 721 | 28 607 | 24 541 | 24 071 |

Bemanningsstatistikken for 2003 og 2004 viser følgjande:

| | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* | *Avtalte årsverk 2003* | *Avtalte årsverk 2004* | *Endring 2003-2004* |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tannlegar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar | offentlege tann-pleiarar |
| 20 Finnmark | 30,6 | 30,7 | 0,1 | 22,0 | 21,0 | -1,0 |
| | private tannlegar | private tannlegar | private tannlegar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar | private tann-pleiarar |
| 20 Finnmark | 19,6 | 17,4 | -2,2 | 2,8 | 3,0 | 0,2 |

Bemanningsstatistikken for 2004 viser følgjande:

| | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per tannlege- og tannpleiarårsverk – offentlege tann-legar og tann-pleiarar* | *Tal på personar i dei prioriterte gruppene per årsverk – offentlege tannlegar* | *Tal på personar 21 år og eldre per tannlege-årsverk – private tannlegar* | *Tal på personar per tannlege-årsverk – alle tann-legar* | *Tal på personar under tilsyn per årsverk – offentlege tannlegar og tannpleiarar* |
|---|---|---|---|---|---|
| 20 Finnmark | 446 | 751 | 3 005 | 1 519 | 553 |
| Heile landet | 984 | 1 312 | 1 221 | 1 213 | 989 |

### Kommentarar frå Statens helsetilsyn

Helsetilsynet i Finnmark hadde i 2005 ikkje kapasitet til å rapportere til Statens helsetilsyn om tannhelsetenesta i fylket. Statens helsetilsyn føreset at denne oppgåva blir prioritert i 2006, og at Helsetilsynet i Finnmark har eit samarbeid med fylkestannlegen i Finnmark.

Den offentlege tannhelsetenesta i Finnmark hadde i 2004 over 4000 færre personar under tilsyn enn i 2003 (om lag 2500 færre personar i dei prioriterte gruppene, og om lag 1600 færre vaksne), ein nedgang på 13 prosent.

Talet på personar i dei prioriterte gruppene som blei undersøkte/behandla, gjekk ned med over 1000 personar. Likevel blei over 600 fleire vaksne betalande undersøkte/behandla i 2004 enn i 2003.

I 2004 var nesten 10 000 vaksne betalande under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta. Desse representerer 19 prosent av den vaksne befolkninga (personar 21 år og eldre), og er den høgaste delen i landet.

Bemanningssituasjonen var nesten uendra frå 2003 til 2004.

Finnmark har den høgaste bemanninga i Den offentlege tannhelsetenesta i heile landet med om lag 720 personar i dei prioriterte gruppene per tannlegeårsverk (om lag 450 personar i dei prioriterte gruppene per offentleg tannlege- og tannpleiarårsverk). Tre fylke har over 1400 personar per tannlege- og tannpleiarårsverk.

Finnmark har den lågaste bemanninga i heile landet når det gjeld private tannlegar, med om lag 3000 vaksne per privat tannlegeårsverk. Men 19 prosent av vaksne blir behandla i Den offentlege tannhelsetenesta.

Bemanninga for alle tannlegar er også den lågaste i heile landet, med om lag 1500 personar per tannlegeårsverk.

Finnmark ligg lågast av alle fylke i landet når det gjeld talet på personar under tilsyn per årsverk (talet på personar i dei prioriterte gruppene og vaksne under tilsyn per tannlege- og tannpleiarårsverk var i 2004 om lag 550).

# Čoahkkáigeassu

Dearvvašvuođageahču raporta 8/2005

Iešguđet bátnedikšunfálaldagat iešgučet fylkkain?

Almmolaš bátnedikšunbálvalus vuoruhuvvon joavkkuide, bargiidlohku ja Fylkkaid Dearvvašvuođageahčuid raporteren bátnedearvvašvuođabálvalusa birra

Dát raporta lea goalmmát raporta man Stahta dearvvašvuođageahčču addá Norgga bátnedikšunbálvalusa birra. Raporta čuvge vuosttažettiin Almmolaš bátnedearvvašvuođa-bálvausa viidodaga daidda joavkkuide maid fylkkagielda galgá vuoruhit bátnedearvvašvuođa-lága mielde. Guokte ovdalaš raportta čájehedje ahte fylkkaid gaskka ledje stuora erohusat, ja dat dagahii ákka ballat ahte máŋgga fylkkas eai ožžon vuoruhuvvon joavkkut dan fálaldaga masa livččii vuoigatvuohta. Almmolaš statistihkat bátnedearvvašvuođa birra čájehit ahte ain leat stuora erohusat fylkkaid gaskka:

- Boarrásiid, guhkesáigge buhcciid ja lápmásiid lohku ásahusain, mat gullet Almmolaš bátnedearvvašvuođa geahču vuollái lea 55 % Aust-Agderis ja 99 % Opplánddas.
- Almmolaš bátnedoaktáris dahje bátnedikšus Vest-Agderis leat gaskamearálaččat 1 400 divššohasa geahču vuolde. Finnmárkkus leat almmolaš bátnedoakáris dahje bátnedikšus sullii 550 divoššohasa geahču vuolde.
- Davvi-Trøndelágas, Opplánddas ja Akershusas lea bargiid lohku oalle ovttaládje. Oassi ollesagi olbmuin geat leat Almmolas bátnedearvvašvuođa geahču vuolde, lea 14,6 % Davvi-Trøndelágas, 6,5 % Opplánddas ja 0,3 % Akershusas.

Addá go statistihkka bonju gova duohtavuođas, boasttu gálduid geažil dahje jus doahpagat dulkojuvvojit iešguđetládje?

Sáhttet go geográfalaš, ekonomalaš, dearvvašvuođalaš, sosiála dahje kultuvrralaš dilálašvuođat čilget erohusaid?

Devdet go juohke fylkka fylkkagielddat iežaset geatnegasvuođaid bátnedearvvašvuođalágas buohkaid guovdu vuoruhuvvon joavkkuin, leat go fálaldagat iešguđetlágánat dan mielde gos riikkas olmmoš ássá?

Dát leat gažaldagat maid Stáhtá dearvvašvuođageahččču háliida čuvget ja guorahallat dán raporttas.

# Does Provision of Dental Services Vary in Different Counties?

Provision of dental services to the priority groups, dental manpower situation, and reports on dental services from the Norwegian Board of Health in the counties

Short summary of Report from the Norwegian Board of Health 8/2005

According to the Dental Health Services Act, there are five priority groups that the county authorities have a statutory duty to provide dental services for. These are:

- Group A: children and young people aged 0-18
- Group B: mentally handicapped adults
- Group C: elderly people, people with long-standing illness and people with a disability pension who are either living in an institution or receiving home nursing care
- Group D: young people aged 19-20
- Group E: other groups that the county authorities have decided to give priority to.

The county authorities can also provide dental services for adults, who pay for their treatment, if the needs of people in the priority groups have been met.

This report presents a description of provision of public dental services to the priority groups and the dental manpower situation in the counties. It is the third in a series of reports on dental services published by the Norwegian Board of Health. The two previous reports (Reports 5/2004 and 14/2004) showed that there were great differences between the counties in provision of dental services. This raised concern that people in the priority groups in several counties were not receiving the dental services that they have a statutory right to receive. The latest public statistics on dental services (source: Statistics Norway), presented in this report, show that there are still great differences between the counties. For example:

- The proportion of people in group c who are under supervision of the public dental services is 55 per cent in the county of Aust-Agder and 99 per cent in the county of Oppland
- A public dental officer or dental hygienist in the county of Vest-Agder has, on average, 1 400 patients under supervision. A public dental officer or dental hygienist in the county of Finnmark has, on average, 550 patients under supervision.
- The dental manpower situation in the counties of Nord-Trøndelag, Oppland and Akershus is very similar. The proportion of adults under supervision of the public dental services is 14.6 per cent in Nord-Trøndelag, 6.5 per cent in Oppland and 0.3 per cent in Akershus.
- There were no vacancies for public dental officers in Oslo in 2004. The number of people in the priority groups per man-year for public dental officers was 2 200. There were 25 vacancies for public dental officers in Nordland in 2004. The number of people in the priority groups per man-year was 900.
- The population density in the counties of Oppland and Troms is the same. Net

operational expenses per person under supervision of the public dental services is approximately NOK 1 000 in Oppland and NOK 2 000 in Troms.

Do the statistics give a misleading picture of the situation, as a result of statistical errors or different interpretation of concepts?

Can differences in service provision be explained by geographical, administrative, economic, health, social or cultural differences between the counties?

Do the county authorities fullfil their statutory duty to all people in the priority groups, or does service provision vary according to where one lives?

These are issues that the Norwegian Board of Health is concerned about, and that are discussed in this report.

# Rapport fra Helsetilsynet

### Utgivelser 2004

**1/2004** Oppsummering etter tilsyn med kommunenes smittevernberedskap ved 6 flyplasser med internasjonal flytrafikk. Mars - mai 2003

**2/2004** Fortsatt for fullt. Korridorpasienter og utskrivningsklare pasienter i indremedisinske avdelinger. Kartlegging 2003 og utvikling 1999-2003

**3/2004** Oppsummeringsrapport for landsomfattende tilsyn med pasientrettigheter i somatiske poliklinikker

**4/2004** Oppsummering av tilsyn i 2003 med spesialisthelsetjenester til voksne med psykiske problemer

**5/2004** Tannhelsetjenesten i Norge. Omfanget av den offentlige tannhelsetjenesten for de prioriterte gruppene og bemanningssituasjonen i tannhelsetjenesten

**6/2004** Medisinalmeldingene 1804. Et tilbakeblikk på første årgang av en tradisjonsrik rapport

**7/2004** Meldesentralen – årsrapport 2001-2002

**8/2004** Kosmetisk kirurgiske inngrep i Norge

**9/2004** Fortsatt press på plassene. Kartlegging av belegg i psykiatriske akuttavdelinger 2003 og utvikling 2002-2003

**10/2004** Tilsyn med kodepraksis

**11/2004** Oppsummering av landsomfattende tilsyn med fødeinstitusjoner i 2004

**12/2004** Oppsummering etter tilsyn med rusmiddeltesting ved to sykehuslaboratorier og fire behandlingsinstitusjoner for rusmiddelmisbrukere

**13/2004** Allmennlegetjenesten – en risikoanalyse. En rapport om risiko og sårbarhet i allmennlegetjenesten

**14/2004** Flere ungdom og voksne under tilsyn av Den offentlige tannhelsetjenesten

### Utgivelser 2005

**1/2005** Oppsummeringsrapport fra tilsyn med abortnemnder i 2004

**2/2005** Rapport om rusmiddelmisbrukernes helseproblemer og helsetjenestetilbud i et overordnet tilsynsperspektiv. En vurdering av sentrale datakilder

**3/2005** Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2004 med helsetjenester til nyankomne asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente

**4/2005** Oppsummering av landsomfattende tilsyn i 2004 med kommunale sosialtjenester til rusmiddelmisbrukere

**5/2005** Meldesentralen - årsrapport 2003

**6/2005** Praksis knyttet til tvangsbruk overfor personer med psykisk utviklingshemning etter sosialtjenesteloven kapittel 4A og kommunenes generelle ivaretakelse av hjelpetiltak etter § 4-2, a-e. Tilsynserfaringer 2003-2004

**7/2005** Pleie- og omsorgstjenester på strekk. Sammenstilling og analyse av funn og erfaringer fra ulike tilsynsaktiviteter i 2003 og 2004

**8/2005** Ulike fylke, ulike tannhelsetenestetilbod? Tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene, oversyn over bemanningssituasjonen og oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka

Serien ble etablert i 2002. Alle utgivelsene i serien finnes i fulltekst på Helsetilsynets nettsted www.helsetilsynet.no. Enkelte utgivelser finnes i tillegg i trykt utgave som kan bestilles fra Helsetilsynet, Postboks 8128 Dep, 0032 Oslo, tlf. 21 52 99 00, faks 21 52 99 99, e-post postmottak@helsetilsynet.no.

# Tilsynsmeldinger

Tilsynsmelding er en årlig publikasjon fra Helsetilsynet. Den benyttes til å orientere omverdenen om saker som er sentrale for sosial- og helsetjenestene og for offentlig debatt om tjenestene.

Tilsynsmeldinger fra og med 1997 finnes i fulltekst på www.helsetilsynet.no. De nyeste kan også bestilles i trykt utgave.

# Tilsynsinfo

I Tilsynsinfo informerer Helsetilsynet om sentrale temaer fra tilsynssakene (enkeltsaker). Serien ble etablert i 2005 og finnes på www.helsetilsynet.no. Der kan det også tegnes abonnement. Temaer i hittil utkomne numre:

1/2005 Behandling med vanedannende legemidler
2/2005 Feilbehandling o.a.
3/2005 Taushetsplikt

I serien Rapport fra Helsetilsynet formidles resultater fra tilsyn med sosial- og helsetjenestene.

Serien ble etablert i 2002 og utgis av Statens helsetilsyn. Alle utgivelser i serien finnes i fulltekst på **www.helsetilsynet.no**

HELSETILSYNET
tilsyn med sosial og helse

# OPPSUMMERING

Rapport fra Helsetilsynet 8/2005

**Ulike fylke, ulike tannhelsetenestetilbod?**
**Tilbodet frå Den offentlege tannhelsetenesta til dei prioriterte gruppene, oversyn over bemanningssituasjonen og oppsummering av rapporteringa frå Helsetilsynet i fylka**

Denne rapporten er oppsummering av den tredje rapporten som Statens helsetilsyn gir ut om tannhelsetenesta i Noreg. Rapporten fokuserer hovudsakleg på omfanget av Den offentlege tannhelsetenesta til dei gruppene som tannhelsetenestelova krev at fylkeskommunen skal prioritere. Dei to tidlegare rapportane viste at det var betydelege forskjellar mellom fylka, og det gav grunn til uro for at dei prioriterte gruppene i fleire fylke ikkje fekk det tilbodet dei har krav på. Offentleg statistikk om tannhelsetenesta viser at det framleis er store forskjellar mellom fylka:

– Delen av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, er 55 prosent i Aust-Agder og 99 prosent i Oppland.
– Ein offentleg tannlege eller tannpleiar i Vest-Agder har i gjennomsnitt om lag 1400 pasientar under tilsyn. Ein offentleg tannlege eller tannpleiar i Finnmark har i gjennomsnitt om lag 550 pasientar under tilsyn.
– Bemanningsnivået i tannhelsetenesta i Nord-Trøndelag, Oppland og Akershus er nesten likt. Delen av den vaksne befolkninga som er under tilsyn av Den offentlege tannhelsetenesta, er 14,6 prosent i Nord-Trøndelag, 6,5 prosent i Oppland og 0,3 prosent i Akershus.

Gir statistikken eit skeivt bilete av verkelegheita på grunn av feilkjelder eller ulike tolkingar av omgrepa?

Kan geografiske, administrative, økonomiske, helsemessige, sosiale eller kulturelle forhold forklare forskjellane?

Oppfyller fylkeskommunen i kvart fylke den plikta han har etter tannhelsetenestelova, overfor alle personar i dei prioriterte gruppene, eller er tilbodet ulikt – avhengig av kvar ein bur i landet?

Dette er spørsmål som Statens helsetilsyn ønskjer å greie ut om og drøfte i denne rapporten.